

BKK Produksjon AS

Overføring av Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget



Konsesjonssøknad

**Øystesevassdraget
Vassdragsnummer 052.6C
Kvam herad i Hordaland**

BKK Produksjon AS

NVE
Avdeling for konsesjon og tilsyn
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 11195269

Dato: 11.06.2012

Søknad om konsesjon for overføring av Vossadalsvatn i Kvam herad til Samnangervassdraget i Samnanger kommune

BKK produksjon AS ynskjer å utnytte ein større del av det energipotensial som eksisterar nær regulerte vassdrag, og utnytte eksisterande kraftverk på ein betre måte. Utbyggingsplanane inneber ei overføring av nedbørsfeltet til Vossadalsvatnet gjennom ein 3,5 km lang tunnel til Svartavatn reguleringsmagasin i Samnangervassdraget. Det overførte vatnet vil verte utnytta i BKK sine kraftverk i vassdraget. BKK har inne konsesjonssøknad for to alternative fornyingar i Samnangervassdraget. Avhengig av framtidig løysing vil kraftproduksjonen frå Vossadalsvatnet utgjere høvesvis 48 og 54 GWh

Basert på dei tekniske føresetnadane og konsekvensane for naturmiljø, brukarinteresser og samfunnsinteresser søkjer BKK Produksjon AS om naudsynte løyve til å gjennomføre utbygginga.

Vi syner til vedlagte dokument med prosjekttale og konsekvensanalysar og vil med dette søkja om:

1. Etter vassdragsreguleringslova om løyve
 - a. Å overføre Vossadalsvatnet til Svartavatnet gjennom tunnel i fjell
 - b. Etablere dam med minstevassføring i utløpet av Vossadalsvatnet
2. Etter forureiningslova
 - a. Ureining som følgje av vassføringsendringar i råka vassdrag
 - b. Gjennomføring av tiltaket med naudsynt anleggsverksemd tilknytt vassdraga
 - c. Etablere massedeponi i reguleringssona ved Svartavatnet
3. Etter oreigningslova om løyve til
 - a. Erverve naudsynt grunn og rettar for gjennomføring av tiltaket der minnelege avtalar ikkje vert oppnådd
 - b. Løyve til å ta i bruk naudsynte areal og rettar før skjønn er halde (førehandsløyve)
 - c. Erverve naudsynte fallrettar i Øystesevassdraget der minnelege avtalar ikkje vert oppnådd
4. Etter Industrikonsesjonslova
 - a. Erverv av eigedomsrett til fall som kan utbringe meir enn 4000 naturhestekrefter

Naudsynte opplysningar om tiltaket framkjem av vedlagde dokument

Vennlig hilsen
BKK PRODUKSJON AS


for Atle Neteland
Styreleder


Wenche Teigland
Adm. dir

INNHALD

0	SAMANDRAG	1
0.1	Utbyggingsplanane	1
0.2	Endringar i høve til meldinga	2
0.3	Tilhøvet til offentlege planar	2
0.3.1	Kommunale planar	2
0.3.2	Fylkeskommunale planar	3
0.3.3	Verneplanar	3
0.3.4	Ny kraftlinje Sima - Samnanger	4
0.3.5	Kraftutbygging i Øysteseelva	4
0.4	Konsekvensar for naturmiljø, ressursar og samfunnsinteresser	4
0.5	Framlegg til avbøtande tiltak	5
1	INNLEIING OG GRUNNGJEVING FOR TILTAKET	7
1.1	Kort om utbyggjar	7
1.2	Grunngjeving for tiltaket	7
2	GEOGRAFISK PLASSERING AV TILTAKSOMRÅDET OG OMTALE AV VASSDRAGET MED EKSSISTERANDE INNGREP	7
2.1	Geografisk plassering	7
2.2	Eksisterande kraftverk og reguleringar	8
3	UTBYGGINGSPLANANE	10
3.1	Alternative utbyggingsplanar	10
3.1.1	0-alternativet	10
3.2	Teknisk plan	11
3.2.1	Hovuddata	11
3.2.2	Reguleringar	11
3.2.3	Inntak	12
3.2.4	Dam	12
3.2.5	Vassvegar	15
3.2.6	Vegar, transport og plassering av massar og riggareal	16
3.2.7	Driftsopplegg	17
3.3	Elektriske anlegg og overføringsleidningar	18
3.3.1	Kapasitetsforholda i overføringsnettet i området	18
3.3.2	Anleggs kraftlinjer	18
3.4	Forholdet til Samla plan	18
4	HYDROLOGI	18
4.1	Grunnlagsdata	18
4.2	Vassførings- og vasstandsendingar, restvassføring	21
4.2.1	Minstevassføring	22
4.3	Flaumar	23
4.4	Verknader av tiltaket	23
4.4.1	Vossadalselva/Øysteseelva nedstrøms Vossadalsvatnet	24
4.4.2	Vurdering av vassføring etter utbygging i høve til snøsmelting	25
4.4.3	Kapasiteten til overføringstunnelen / Vassføringsforholda i Søyagjelet	25
4.4.4	Andre prosjekter / Øystese kraftverk	25
4.4.5	Svartavatnet i Samnangervassdraget	25
4.4.6	Flaumhøve	25
4.4.7	Oppfølgende undersøkelser	26
5	FRAMLEGG TIL MANØVRERINGSREGLEMENT	26
6	AREALBRUK OG EIGEDOMSFORHOLD	26
6.1	Arealbruk	26
6.2	Eigedomshøve	27
7	KOSTNADER	27
8	PRODUKSJON	27


8.1	Føresetnader.....	27
8.2	Resultat.....	28
9	ANDRE SAMFUNNSMESSIGE FORDELAR.....	29
10	FORHOLDET TIL OFFENTLEGE PLANAR.....	29
10.1	Kommunale planar.....	29
10.2	Fylkeskommunale planar.....	30
10.3	Verneplanar.....	35
10.4	Ny kraftlinje Sima - Samnanger.....	35
10.5	Kraftutbygging i Øysteseelva.....	35
11	NAUDSYNTE LØYVE FRÅ OFFENTLEGE STYRESMAKTER.....	35
12	FRAMDRIFTSPLAN OG SAKSHANDSAMING.....	36
12.1	Framdriftsplan.....	36
12.2	Saksgang.....	36
13	NATURMILJØ, RESSURSAR OG SAMFUNNSINTERESSER.....	38
13.1	Innleiing.....	38
13.1.1	Influens og tiltaksområdet.....	38
13.2	KU-metodikk.....	38
13.3	Hydrologi.....	40
13.3.1	Overflatehydrologi.....	40
13.3.2	Lokalklima.....	40
13.3.3	Vasstemperatur.....	42
13.3.4	Isforhold.....	43
13.3.5	Grunnvatn.....	43
13.4	Erosjon og sedimenttransport.....	44
13.4.1	Dagens situasjon og områdeskildring.....	44
13.4.2	Moglege konsekvensar.....	45
13.4.3	Avbøtande tiltak.....	47
13.4.4	Oppfølgjande undersøkingar.....	47
13.5	Skred.....	48
13.5.1	Områdeskildring.....	48
13.5.2	Anleggsfasen.....	49
13.5.3	Driftsfasen.....	49
13.5.4	Konsekvensvurdering.....	49
13.6	Landskap.....	50
13.6.1	Dagens situasjon områdeskildring og verdivurdering.....	50
13.6.2	Moglege konsekvensar.....	52
13.6.3	Avbøtande tiltak.....	53
13.6.4	Oppfølgjande undersøkingar.....	53
13.7	Inngrepssrie naturområder (INON).....	54
13.7.1	Verdivurdering.....	54
13.7.2	Konsekvenser.....	54
13.8	Naturmiljø og naturens mangfald.....	56
13.8.1	Geofaglege forhold.....	56
13.8.2	Naturtypar og ferskvasslokalitetar.....	59
13.8.3	Karplanter, mosar, lav og sopp.....	61
13.8.4	Fugl og pattedyr.....	64
13.8.5	Fisk og ferskvassbiologi.....	67
13.9	Marine forhold.....	69
13.9.1	Ferskvasstilføring, vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	69
13.10	Kulturminne og kulturmiljø.....	70
13.10.1	Status og verdivurdering.....	70
13.10.2	Moglege konsekvensar.....	71
13.10.3	Avbøtande tiltak og oppfølgjande undersøkingar.....	72
13.11	Forureining og vasskvalitet.....	73
13.11.1	Dagens situasjon og verdivurdering.....	73
13.11.2	Moglege konsekvensar.....	75

13.11.3	Avbøtande tiltak og oppfølgjande undersøkingar	75
13.12	Naturressursar	75
13.12.1	Jord- og skogbruksressursar	75
13.12.2	Ferskvassressursar	76
13.12.3	Mineral- og masseførekomstar	77
13.13	Samfunn	77
13.13.1	Næringsliv, sysselsetjing, utvikling i folkesetnad og bustadbygging	77
13.13.2	Kommunal økonomi	80
13.13.3	Tjenestetilbud	85
13.13.4	Sosiale forhold	85
13.13.5	Helsemessige forhold	85
13.13.6	Friluftsliv, jakt og fiske og reiseliv	86
14	SAMLA VURDERING AV MOGLEGE AVBØTANDE TILTAK	89
14.1	Aktuelle avbøtande tiltak foreslått av konsulent	89
14.2	Avbøtande tiltak foreslått av tiltakshavar	90
15	SAMANSTILLING AV KONSEKVENSAAR – KONKLUSJONAR	91
15.1	Sumverknader	92
15.1.1	Relevante planar	92
15.1.2	Ny 420 kV-leidning Sima - Samnanger	92
15.1.3	Øystese Kraft sine planar om utbygging av elvekraftverk i Øystesevassdraget	93
15.1.4	Overføring frå Vaksdalsvassdraget	93
15.1.5	Overføring av Kvitabekktjørn	94
15.1.6	Metode	95
15.1.7	Naturmiljø	95
15.1.8	Fisk og ferskvassbiologi	97
15.1.9	Landskap	97
15.1.10	Friluftsliv	98
16	BKK PRODUKSJON AS SI TILRÅDNING OM VAL AV ALTERNATIV	98
17	FORSLAG TIL ETTERUNDERSØKINGAR, OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING	98
17.1	Oppfølgjande undersøkingar	98
18	BKK PRODUKSJON SINE KOMMENTARAR TIL KU	99
	REFERANSAR	100
	VEDLEGG	101

0 SAMANDRAG

0.1 Utbyggingsplanane

BKK ynskjer å overføre om lag ein fjerdedel av nedbørsfeltet i Øystesevassdraget til regulert kraftproduksjon i BKK sine anlegg i Samnangervassdraget. Overføringa er rekna til å kunne gje ein samla produksjonsauke på 38 GWh i dei eksisterande kraftverka til BKK i Samnangervassdraget i eit midlare år. Konsesjonssøknaden tek utgangspunkt i dagens situasjon i Samnangervassdraget, men denne vil verte endra innan 5-7 år. BKK har inne konsesjonssøknad på to alternative fornyingar i Samnangervassdraget, Aldal kraftverk og nytt Frøland kraftverk. Tilsiget frå Øystesevassdraget vil i ein framtidig situasjon kunne utgjere ein auke i Samnangervassdraget på 54 GWh ved bygging av Aldal kraftverk eller 48 GWh ved bygging av eit nytt Frøland kraftverk.



Figur 1: Oversiktskart Samnangervassdraget og Øystesevassdraget.

Tilsiget til Vossadalsvatnet vil verte overført til Svartavatnet og utnytta i kraftverka i Samnangervassdraget. Vossadalsvatnet vil ikkje verte regulert med variabel vasstand, men behalde sine naturlege vasstandsvariasjonar. Utforminga av utløpet i Søyegjelet vil bestemme vasstanden i Vossadalsvatnet. I flaumsituasjonar med overløp i Svartavatnet vil overføringa kunne stengast og Vossadalsvatnet vil renne naturleg i Øystesevassdraget. Overføringstunnelen på 3540 m vert driven frå Søyegjelet ved Svartavatnet med utslag i Vossadalsvatnet. Inntaket i Vossadalsvatnet vert dykka slik at dette ikkje vert synleg i driftsituasjonen. Det vert bygt ein dam om lag 25 m nedstraums dagens utlaup frå Vossadalsvatnet. Frå dammen i er det planlagd ei minstevassføring på 115 l/s om sommaren og 40 l/s vinter til Vossadalselva.

Tabell 1: Hovuddata for overføring av Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget

	Eining	Overføringa
1. Tilsigsdata		
Nedbørsfelt	km ²	10,0
Middel tilsig	mill m ³ /år	44,6
Middel tilsig	m ³ /s	1,4
Alminneleg lågvassføring	l/s	53
5-percentil sommar (1/5-30/9)	l/s	115
5-percentil vinter (1/10-30/4)	l/s	41
2. Tunnel		
Lengde	m	3540
Tverrsnitt	m ²	20
Inntak	moh	dykka
Avløp	moh	703,7
Lengde på råka elvestrekning	km	10
Overføringskapasitet	m ³ /s	14,2
Veglengde fram til tunnelpåhogg	m	800
3. Dam		
Høgde	m	4
Lengde	m	40
3. Produksjon		
Midlare årsproduksjon simulert*	GWh/år	37,7
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	1,42
Naturhestekrefter auke	Nat/hk	6700
4. Utbyggingskostnad		
Utbyggingskostnad	mill kr	112
Utbyggingspris	kr/kWh	3,0
Byggjetid	år	2

*Ved bygging av Aldal kraftverk er produksjonen i Samnangervassdraget simulert til 54GWh

0.2 Endringar i høve til meldinga

Det er gjort to endringar i høve til meldinga. Inntaket for overføringstunnelen er flytta (ca 400m) frå nordlegaste del av Vossadalsvatnet til om lag midt i vatnet. Dette er gjort med bakgrunn i anbefalingar frå ingeniørgeolog. Tiltaket er berre utgreidd med denne inntaksplasseringa.

Meldinga skisserte ingen slepp av minstevassføring. Med bakgrunn i konsekvensutgreiingane vert konsesjonssøknaden presentert med forslag til minstevassføring heile året.

0.3 Tilhøvet til offentlege planar

0.3.1 Kommunale planar

Plan- og bygningslova styrer og samordnar areal- og ressursbruken i kommunane. Tiltaks- og influensområdet er stort sett avsett som LNF-område i arealdelen til Kvam herad sin kommuneplan. Område frå Vossadalshola og fjellområda omkring Vossadalsvatnet er i gjeldande kommuneplan merka LNF- N der naturvern er dominerande. I retningslinjene til arealdelen står det følgjande:

LNF-N – område har høg verdi anten som verna naturområde, inneheld spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller ein kombinasjon av desse. Vasskraftutbygging, veganlegg, kraftliner, hytter og andre tekniske installasjonar bør ikkje koma i desse områda. Ved vurdering av planar eller tiltak bør det difor leggast ekstra vekt på å ivareta desse interessene.

BKK meiner at omtalte retningslinjer i kommuneplanen må sjåast opp mot omsøkte prosjekt og prosjektet sine konsekvensar. Tiltaka i Søyegjelet og dam Svartavatnet ligg ikkje i LNF-N område.

Dersom det vert gjeve konsesjon kan kommunen ikkje krevje reguleringsplan for tiltaket, men kommunen kan likevel påverka både hovudløyisinga og detaljar gjennom konsesjonshandsaminga. NVE skal framleis leggja stor vekt på eksisterande kommunale og regionale planar ved konsesjonsvedtak.

0.3.2 Fylkeskommunale planar

Klimaplan for Hordaland (2010 – 2020)

Klimaplan for Hordaland skisserer mål og strategiar for energiproduksjon i fylket:

Energibruken skal reduserast og gjerast berekraftig gjennom effektivisering og bruk av ny fornybar energi. Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Strategi C: Hordaland skal vere ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi

Delmål:

8. Hordaland vil stimulere til utvikling, produksjon og bruk av nye fornybare energikjelder. Kompetanse, forskning og utdanning på energifeltet skal styrkjast. Verkemidlar må sikre utvikling, produksjon og tilgang til marknad/ sluttbrukar.

9. Hordaland skal produsere energi frå fornybare kjelder og med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

10. Effektivisering og modernisering av eksisterande vasskraftverk.

BKK meiner omsøkte prosjekt bidrar til måloppnåing andsynes Fylkeskommunen sin strategi C, punkt 9. og 10. Prosjektet vert vurdert som ei skånsam utnytting av vasskraftressursane. Utbygginga inneber få synlege tekniske inngrep i Øystesevassdraget og ingen store negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det overførte vatnet vil verte magasinert og nytta i eit allereie utbygt vassdrag og såleis effektivisere eksisterande kraftverk.

Fylkesdelplan for småkraftverk

Fylkesdelplan for små vasskraftverk har samla kunnskap om ulike interesser som småkraftkraftutbygging kan gripe inn i, og laga retningslinjer for korleis småkraftutbygging kan skje i område der det er andre viktige arealverdiar som må takast omsyn til.

Planen skisserer generelle mål for utbygging av små kraftverk:

- Hordaland vil stimulere til og ynskjer auka bruk av fornybare energikjelder
- Tilgangen på energiressursar skal gje verdiskaping og danne grunnlag for næring
- Utbygging av ny energiproduksjon må ta omsyn til miljø og arealverdiar
- Ny fornybar energiproduksjon i små-, mini-, og mikrokraftverk må ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar

Når det gjeld arealmessige føringar og verddivurderingar i høve til enkelttema, oppsummerar planen kjende registreringar som til dømes inngrepsfrie naturområde, verdisetting av regionale friluftsområde og kulturminne. Alle tema som inngår i fylkesdelplanen er og omfatta av konsekvensutgreiinga tilhøyrande denne konsesjonssøknaden.

0.3.3 Verneplanar

I samband med handsaminga av Suppleringa av verneplan for vassdrag gjorde Stortinget vedtak i 2005 om at Øystesevassdraget skulle utgreiast for vern mot kraftutbygging. I St.prp.nr.53 (2008-2009) tilrådde OED at Øystesevassdraget ikkje vart teken inn i Verneplan for vassdrag. Stortinget vedtok våren 2009 at Øystesevassdraget ikkje skulle vernast. Dette opnar for at det kan konsesjonssøkast vasskraftprosjekt i Øystesevassdraget.

0.3.4 Ny kraftlinje Sima - Samnanger

Statnett har fått konsesjon til å bygge 420 kV linje frå Simadal i Eidfjord til Børdalen i Samnanger. Slik planane ligg føre vil leidningen gå langs med Fitjadalsvatnet frå nordre enden av vatnet og krysse vatnet i sørlige enden. Det er ikkje venta at Statnett sine planar og BKK sine planar om overføring av Vossadalsvatnet får innverknad på kvarandre.

0.3.5 Kraftutbygging i Øysteseelva

Grunneigarane i nedre del av Øystesevassdraget har i samarbeid med Norsk Kraft ASA planar om å utnytta fallet mellom ca kote 260 og 30 i Øysteseelva. Ei overføring av Vossadalsvatnet vil føra til at tilsiget til dette prosjektet vert redusert med om lag 30 %. Dersom både prosjekta vert realisert, må produksjonstapet overføringa påfører kraftverket i det nedre fallet erstattast. Korleis erstatninga vert gjennomført er privatrettslege høve mellom BKK og Øystese Kraft, og vil ikkje verte omtala i konsesjonssøknaden.

0.4 Konsekvensar for naturmiljø, ressursar og samfunnsinteresser

Tabell 2 sumerar opp konsekvensutgreiingane for dei ulike fagområda. For enkelte fagtema er det vurdert ein middel av fleire undertema. For detaljert framstilling og spesifikk konsekvensgrad for alle fagtema vert det vist til fagrapportane vedlagt søknaden.

Når utbygginga vert gjennomført med føreslåtte avbøtande tiltak syner konsekvensutgreiinga i hovudsak liten negativ konsekvens. Ingen utgreiingstema har fått kategorien stor negativ konsekvens

Utbygginga utløyser fornybar energi i eit allereie utbygd vassdrag. Energiauken vil vere regulerbar i samsvar med reguleringsregimet i Samnangervassdraget. Utbygginga vil også utløyse skattar og avgifter som vert fordelt mellom Kvam herad og Samnanger kommune.

Tabell 2: Oppsummeringstabell konsekvensutgreiing

Utgreiingstema		Overføring av Vossadalsvatnet
Hydrologi, lokalklimatiske forhold og grunnvatn		Ubetydeleg (0)
Erosjon og sedimenttransport		Ubetydeleg til liten negativ (0/-)
Landskap		Middels til liten negativ (-/-)
Inngrepsfrie områder		Liten/middels negativ (-/-)
Fisk- og ferskvassbiologi		Liten negativ (-)
Naturmiljø	Anleggsgfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)
Marine forhold		Ubetydeleg (0)
Samfunn	Anleggsgfase	Ubetydeleg (0)
	Driftsfase	Liten positiv (+)
Friluftsliv, jakt, fiske	Anleggsgfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)
Reiseliv		Liten negativ (-)
Kulturminne og kulturmiljø		Ubetydeleg til liten negativ (0/-)
Jord- og skogbruk	Anleggsgfase	Ubetydeleg (0) *
	Driftsfase	Middels negativ (--) **
Vasskvalitet og vassforsyning	Anleggsgfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)
Forureining	Anleggsgfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)

*) Ubetydelig så lenge det ikkje pågår arbeid i kalvingstida for rein.

***) Viss det vert bygt gjerde i øvre del av Vossadalselva blir konsekvensen ubetydelig.

0.5 Framlegg til avbøtande tiltak

Minstevassføring er eit av dei viktigaste tiltaka som kan bidra til å redusere dei negative verknadane av ei vassdragsutbygging. Vassressurslova § 10 seier mellom anna:

“I konsesjon til uttak, bortledning eller oppdemming skal fastsetting av vilkår om minstevassføring i elver og bekker avgjøres etter en konkret vurdering. Ved avgjørelsen skal det blant annet legges vekt på å sikre a) vannspeil, b) vassdragets betydning for plante- og dyreliv, c) vannkvalitet, d) grunnvannsføremønstre. Vassdragsmyndigheten kan gi tillatelse til at vilkårene etter første og annet ledd fravikes over en kortere periode for enkelttilfelle uten miljømessige konsekvenser.”

Søkjjar har, med utgangspunkt i tilrådingane frå konsekvensutgreingane kome fram til følgjande forslag til minstevassføringar for dei ulike vassdragsavsnitta.

- Frå utløpet av Vossadalsvatnet skal det sleppast inntil 115l/s frå 1. mai til 30. september.
- Frå utløpet av Vossadalsvatnet skal det sleppast inntil 40l/s frå 1.oktober til 30.april.

Utforminga av anlegget inneheld også i seg sjølv avbøtande tiltak etter tilbakemeldingar frå konsekvensutgreiinga. Desse er omtala i teknisk plan og kapittel 14.2. Summert opp er tiltaka desse:

- Minstevassføring frå Vossadalsvatnet heile året tilsvarande 5-percentil sommar/vinter
- Dykka inntak i Vossadalsvatnet slik at dette ikkje vert synleg

- Tilpassing av dam i tråd med omgjevnadane
- Vegen i søyegjelet kan såast til slik at denne vert mindre synleg i landskapet
- Det vil verte gjort tilpassingar i anleggsarbeidet for å unngå verksemd som har negativ påverking på tamrein i kalvingstida.
- Det bør utarbeidast eit miljøoppfølgingsprogram for bygge- og anleggsfasen som sikrar ei god forankring av miljøkrava opp mot entreprenør og med konkrete tiltak for å redusere eventuelle miljøpåverknader.
- Dersom driftsvedlikehald skjer med helikopter bør ein unngå overflyging i den austre enden av Svartavatnet i smålomens hekketid. Dei viktige yngle- og rasteområda ved Sotabottsvatna, vest for Svartavatnet, bør generelt unngåast med helikopteroverflyging på våren

1 INNLEIING OG GRUNNGJEVING FOR TILTAKET

1.1 Kort om utbyggjar

BKK Produksjon AS er tiltakshavar for prosjektet «Overføring av Vossadalsvatnet». Selskapet er eit heileigd dotterselskap av BKK AS.

BKK Produksjon produserer og omset kraft i engrosmarknaden, og arbeider aktivt for å auka produksjonen ved å byggja nye anlegg og rusta opp eksisterande kraftverk.

I dag har BKK Produksjon 31 heileigde vasskraftverk på Vestlandet og ein eigardel på 26 prosent i Sima kraftverk. Produksjonen er 6,7 TWh årleg, nok til å dekkja forbruket i om lag 335 000 einestader. Med dette er BKK Produksjon landets femte største kraftprodusent.

BKK Produksjon tar aktivt del i vasskraftutbygging i utlandet, i første rekkje gjennom andre deleigde selskap. Saman med andre kraftselskap på Vestlandet har BKK Produksjon etablert eigne selskap som satsar på vindkraft både på land og offshore.

I tillegg eig og driv BKK Produksjon Kollsnes kogenereringsverk i Øygarden, der spillgass frå LNG-produksjon blir til kraft og varme.

1.2 Grunngeving for tiltaket

BKK ynskjer å overføre om lag ein fjerdedel av nedbørfeltet i Øystesevassdraget til regulert kraftproduksjon i BKK sine anlegg i Samnangervassdraget. Overføringa er rekna til å kunne gje ein samla produksjonsauke på 38 GWh i dei eksisterande kraftverka til BKK i Samnangervassdraget i eit midlare år. Konsesjonssøknaden tek utgangspunkt i dagens situasjon i Samnangervassdraget, men denne situasjonen vil verte endra innan 5-7 år. BKK har inne konsesjonssøknad på to alternative fornyingar i Samnangervassdraget, Aldal kraftverk eller nytt Frøland kraftverk. Tilsiget frå Øystesevassdraget vil i ein framtidig situasjon kunne utgjere ein auke i Samnangervassdraget på 54 GWh ved bygging av Aldal kraftverk eller 48 GWh ved bygging av eit nytt Frøland kraftverk.

Med ein utbyggingskostnad på 112 mill. kr gjev dette ein utbyggingspris på 3kr/kWh gitt dagens situasjon i Samnangervassdraget. BKK grunnjev tiltaket ut i frå ei samla teknisk/økonomisk vurdering samt ei grundig konsekvensutgreiing og meiner at overføringa er eit gunstig prosjekt både økonomisk, inngrepsmessig og miljøfagleg. Overføringa støttar opp om nasjonale målsettingar om å auke produksjonen av fornybar energi samt å effektivisere eksisterande vassdragsreguleringar.

2 GEOGRAFISK Plassering AV TILTAKSOMRÅDET OG OMTALE AV VASSDRAGET MED EKSISTERANDE INNGREP


2.1 Geografisk plassering

Nedbørfeltet ligg sentralt i Kvam herad aust for Bergen i Hardanger. Vassdraget har utløp til Hardangerfjorden ved tettstaden Øystese, og er knappe 10 km langt frå vasskilje i høgjellet til utlaupet i fjorden. Storparten av nedbørfeltet til vassdraget ligg over skoggrensa. Det høgste fjellet i nedbørfeltet er Fuglafjellet (1334 moh), som ligg i nordvest. I nordaust ligger Skrott (1320 moh) og Manfjellet (1263 moh). I fjellområdet ligger fleire innsjøar rundt 700 – 1000 moh.

Fitjadalen, som i øvre del vert kalla Vossadalen, er hovuddalen i vassdraget. Her renn den nesten 5 km lange Vossadalselva frå Vossadalsvatnet (707 moh). Dei fyrste to km renn elva nokså bratt, og etter kvart kjem det inn fleire sideelver. Elva renn ut i vassdragets største innsjø, det 1,1 km² store Fitjadalsvatnet, (266 moh). Frå Fitjadalsvatnet går vassdraget i ei om lag 2 km lang strekning før utløpet til Hardangerfjorden ved Øystese, og heiter Øysteseelva. Det går køyrbar veg frå Øystese til nordenden av Fitjadalsvatnet. Herifrå går det ein traktorveg eit par kilometer vidare oppover mot Botnane.

Berggrunnen i nedbørsfeltet i nord ligg delvis i områda med skyvedekke tilhøyrande Bergsdalsdekka. Dette er samansett av kvartsitt og granittar. Bergartane er såleis stort sett harde og sure, og gjev opphav til tynt og usamanhengande dekke av lausmassar. Lenger nedover i vassdraget går berggrunnen over i soner med meir næringsrike bergartar som fyllitt, grønskifer og amfibolitt. Her er det også større innslag av lausmassar med avsetningar frå breelvar ved Fitjadalsvatnet.

Klimaet er oseanisk som er typisk for midtre strom på Vestlandet. Skoggrensa ligg på 600-700 moh. Vierkratt og dvergbjørk er typisk i øvre delar, medan det går over i vanleg bjørkeskog med islett av meir edlare artar som alm og eik nedover langs vassdraget. Over skoggrensa er det vanleg høgfjellvegetasjon, delvis prega av beitande sau.




Figur 2: Oversiktskart Samnangervassdraget og Øystesevassdraget.

2.2 Eksisterande kraftverk og reguleringar

Øystesevassdraget har ingen vassdragsreguleringar eller kraftproduksjon i dag. Øystese kraft AS har planar om å nytte nedre del av vassdraget til kraftproduksjon. Ei utbygging med inntak i Fitjadalsvatnet og utlaup i Øystese vil etter Øystese kraft AS sine utrekningar gje ein årsproduksjon på 63 GWh (Kjelde: Øystese kraft AS). Dersom BKK overfører nedbørsfeltet til Vossadalsvatnet vil produksjonen til Øystese kraft AS verte redusert, årsproduksjonen vert om lag 43 GWh (Kjelde: Øystese kraft AS).

Samnangervassdraget, som nedbørsfeltet til Vossadalsvatnet vert overført til, er bygt ut i fleire trinn over ein periode på 80 år. Vassdraget er i dag utnytta til kraftproduksjon i fem kraftverk. BKK Produksjon eig og driftar reguleringane. Kraftverka er Kvittingen, Grønsdal, Myra, Frøland og Tysse kraftverk. Sistenemnde er eigd av Safa Eiendom AS. Det er og to mikrokraftverk i Samnangervassdraget, desse nyttar sideelver og påverkar ikkje omsøkte tiltak. Reguleringsmagasina er Øvre- og Nedre Dukavatnet, Svartavatnet, Kvitingsvatnet, Grønsdalsvatnet og Fiskevatnet. BKK har hausten 2010 søkt konsesjon om bygging av Aldal kraftverk eller Nytt Frøland kraftverk. Aldal kraftverk som er prioritert alternativ, vil erstatte dagens Frøland og Myra kraftverk og ha inntaksmagasin i Grønsdalsvatnet.



Figur 3: Oversiktskart Samnangervassdraget med alternative utbyggingar Aldal kraftverk eller nytt Frøland kraftverk

Gjeldande reguleringskonsesjon for Samnangervassdraget vart gjeve i mai 2001 og denne erstatta tidlegare konsesjonar i Samnangervassdraget.

Tabell 3: Oversikt kraftverk i Samnangervassdraget

Kraftverk	Slukeevne m ³ /s	Effekt MW	Fallhøgd m	Middelproduksjon GWh	Årstal
Kvittingen kraftverk	20	42	251	160	1984
Grønsdal kraftverk	22	36	165	138	1949
Myra kraftverk	20	3,7	20	10	1988
Frøland kraftverk	20	21	151	138	1912
Tysse kraftverk	18		20	24	2006

Tabell 4: Oversikt reguleringar i Samnangervassdraget

	HRV moh	LRV moh	Volum mill m ³
Øvre Dukevatnet	823,2	804,5	9,5
Nedre Dukevatnet	799,2	778,4	5,0
Svartevatnet	625,9	580,9	77,7
Kvittingvatnet	368,4	334,1	35,0
Grønsdalsvatnet	198	188	6,5
Fiskevatnet	178,3	172,7	0,3

3 UTBYGGINGSPLANANE

3.1 Alternative utbyggingsplanar

Denne overføringa vert presentert i eitt alternativ.

BKK er pålagt i konsekvensutgreiinga å skildre kort moglegheitene for og produksjonspotensialet ved å utnytte fallet i Vossadalselva. Dersom ein nyttar same mengde vatn som overføringa (utan minstevassføring) i fallet frå Vossadalsvatnet til Fitjadalsvatnet, i eit småkraftverk med nedgravd røyr kan dette utgjere ein produksjon på om lag 30GWh. Ei slik løysing vil medføre om lag 4 km røyrgrøft og veg oppover Vossadalen. Røyrtraseen er vurdert som svært vanskeleg og sidebratt, med fleire elvekryssingar, noko som truleg vil gjere prosjektet lite lønnsomt. På bakgrunn av verdiane som er registrert i vassdraget vert det vurdert som lite aktuelt å etablere eit småkraftverk i Fitjadalen, då dette vil medføre store tekniske inngrep som vil vere svært synlege, spesielt røyrtrase og kraftlinje.

3.1.1 0-alternativet

Konsekvensane av eit tiltak framkjem ved å måle forventa tilstand etter tiltaket mot forventa tilstand utan tiltak. 0-alternativet er referansen som planlagt tiltak vert målt opp mot, altså situasjonen i området slik den vil utvikle seg utan at BKK bygger overføringa. Ei skildring av 0-alternativet tar utgangspunkt i dagens situasjon samt det som ligg føre av vedtekne planar for området i næraste framtid.

Øystese Kraft AS sine planar om utnytting av Øystesevassdraget til kraftføremål er ikkje ein vedteken plan og realisering av dette kraftverket skal ikkje ligge til grunn for skildring av 0-alternativet. Linja Simadal – Samnanger derimot er vedteken og bygging av linja vil verte realisert i næraste framtid. Linja Simadal – Samnanger skal dermed ligge til grunn for skildring av 0-alternativet i konsekvensutgreiingane.

3.2 Teknisk plan

3.2.1 Hovuddata

I tabell 5 er det vist hovuddata for den planlagde tunneloverføringa. Endelig val av tunnelverrsnitt, stengeanordning m.v. vil bli optimalisert og bestemt etter at tilbud frå aktuelle tilbydarar er innhenta.

Tabell 5: Hovuddata for overføring av Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget


	Eining	Overføringa
1. Tilsigsdata		
Nedbørsfelt	km ²	10,0
Middel tilsig	mill m ³ /år	44,6
Middel tilsig	m ³ /s	1,4
Alminneleg lågvassføring	l/s	53
5-percentil sommar (1/5-30/9)	l/s	115
5-percentil vinter (1/10-30/4)	l/s	41
2. Tunnel		
Lengde	m	3540
Tverrsnitt	m ²	20
Inntak	moh	dykka
Avløp	moh	703,7
Lengde på råka elvestrekning	km	10
Overføringskapasitet	m ³ /s	14,2
Veglengde fram til tunnelpåhogg	m	800
3. Dam		
Høgde	m	4
Lengde	m	40
3. Produksjon		
Midlare årsproduksjon simulert*	GWh/år	37,7
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	1,42
Naturhestekrefter auke	Nat/hk	6700
4. Utbyggingskostnad		
Utbyggingskostnad	mill kr	112
Utbyggingspris	kr/kWh	3
Byggjetid	år	2

*Ved bygging av Aldal kraftverk er produksjonen i Samnangervassdraget simulert til 54 GWh

3.2.2 Reguleringar

Tilsiget til Vossadalsvatnet vil verte overført til Svartavatnet og utnytta i kraftverka i Samnangervassdraget. Vossadalsvatnet vil ikkje verte regulert med variabel vasstand, men behalde sine naturlege vasstandsvariasjonar. Utforminga av utløpet i Søyegjelet vil bestemme vasstanden i Vossadalsvatnet. I flaumsituasjonar med overløp i Svartavatnet vil overføringa kunne stengast og Vossadalsvatnet vil renne naturleg vidare i Øystesevassdraget.

Figur 4 syner simulert magasinvasstand i Svartavatnet i eit middels år med utgangspunkt i dagens situasjon og framtidig Aldal kraftverk med og utan tilsiget frå Øystesevassdraget. Figuren syner ei tidligare magasinfylling for begge situasjonar, men endringane er venta å verte marginale.



Figur 4: Magasinkurve for Svartavatnet – middels år

3.2.3 Inntak

Inntaket i Vossadalsvatnet vil verte dykka om lag 1,5m under vasstanden som vert bestemt av utlaupsterskelen i Søyegjelet. Inntaket vert plassert på nes midt i vatnet der ein har god overdekning og fjell av god kvalitet. Fjellformasjonen fortsett bratt nedover i vatnet og er ein godt eigna stad for tunnelutslag. Inntaket vil ikkje vere synleg i driftsperioden. Når tunnelen vert sett i drift vil inntaket verte sikra med ei rist.



Figur 5: Inntaksplassering sett nordover


3.2.4 Dam

Det naturlege utløpet av Vossadalsvatnet vil verte utforma med ein liten dam på nedsida av den naturlege utløpsterskelen. På grunn av mykje storstein i utløpsprofilen er det vanskeleg å etablere ein

terskel akkurat i utløpet. Dammen vil difor verte plassert om lag 25 meter nedanfor det naturlege utløpet og verte 40m lang og 4m høg. Dammen vert bygt i betong og plastra med stein. Utsjånaden vil verte tilpassa omgjevnadane. Uttak for minstevassføring vil vere i foten av dammen.



Figur 6: Visualisering av dam ved utløpet av Vossadalsvatnet (Illustrasjon utarbeida av SWECO)



Figur 7: Damområdet sett frå høgre side nedstrams utløpet av Vossadalsvatnet.

3.2.5 Vassveggar

Overføringstunnelen vert 3540 m lang. Tunnelverrsnittet vil ha minimumsverrsnitt på om lag 20 m². Ved utløpet av tunnelen vil det verte bygd ein terskel lik naturleg lågvasstand i Vossadalsvatnet. Det er denne terskelen som vil regulere vasstanden i Vossadalsvatnet. Terskelen vil verte utforma slik at Vossadalsvatnet får stige i periodar med mykje tilsig. På denne måten vil Vossadalsvatnet sine vasstandsvariasjonar verte tilnærma lik naturtilstanden.

Det vil også verte bygd ein stengeanordning slik at ein ikkje tilfører Samnangervassdraget meir vatn i flaumsituasjonar. Tunnelen vert driven frå Søyegjelet mot utslaget i Vossadalsvatnet.



Stad for Tunnelpåhogg i same høgda som inntaket i Vossadalsvatn. I framgrunnen er elveløpet der det overførte vatnet vil renne ned til Svartavatnet

Figur 8: Stad for tunnelpåhogg i Søyegjelet, sett i retning Svartavatnet.




Figur 9: Visualisering av tunnelutløpet og elvelaupet i Søyegjelet etter utbygging(Illustrasjon utarbeida av SWECO)

3.2.6 Vegar, transport og plassering av massar og riggareal

Vegar

Det går veg opp til dammen i vestre enden av Svartavatnet. Det er planen at tilkomsten frå dammen og bort til anleggstaden i austre enden av vatnet skal gjennomførast ved hjelp av båtar. Anleggsmaskiner og tyngre utstyr vert frakta med flåte. Det vert bygt ein om lag 800 m lang veg frå Svartavatnet og opp til tunnelpåhogget i Søyagjelet. Hovedbruken til vegen er i anleggsfasen. Vegen vil verte tilsådd slik at den etter ei tid vil passe inn i landskapet.



Figur 10: Anleggsområde Øystesehola/Søyegjelet

Massedeponi og transport


Tunnelmassane med eit plassert massevolum på om lag 120 000 m³ vert frakta på anleggsvegen frå tunnelpåhogget og plassert under høgaste regulerte vasstand i Svartavatnet.

Transport i samband med anlegget knytt til Vossadalsvatnet vil i hovudsak skje med helikopter.

Riggareal

Anleggsarbeidet vil i hovudsak skje frå Svartavatsida. Her vert riggområde for tunneldrivinga og massetransport. Utstyret må fraktast inn med flåte over Svartavatnet. Det må leggast til rette for ilandføring og transport av maskiner på flåte både frå dammen ved Svartavatnet og i området ved Søyegjelet. Anleggsarbeidet er venta å ta om lag to år med arbeid hovudsakleg i sommarsesongen. Det vil verte gjort tilpassingar i anleggsarbeidet for å unngå verksemd som har negativ påverking på tamrein i kalvingstida.

Ved Vossadalsvatnet vert det naudsynt med eit riggområde ved utløpet av vatnet i samband med bygginga av dammen.



Figur 11: Anleggsstad Vossadalsvatnet

3.2.7 Driftsopplegg

Tilsiget til Vossadalsvatnet vil verte nytta i kraftverka i Samnangervassdraget i tråd med gjeldande konsesjonar. Overføringstunnelen er ikkje detaljprosjektert men vil få ein overføringskapasitet typisk 10 gantar middelvassføring. Overføringa vil verte stengt når det er overløp på Svartavatnet.

Det er føreslått ei minstevassføring frå Vossadalsvatnet tilsvarande 5-persentil sommar og vinter, høvesvis 115 l/s sommar og 40l/s vinter

3.3 Elektriske anlegg og overføringsleidningar

3.3.1 Kapasitetsforholda i overføringsnettet i området

Overføringa utløyser inga effektauke og såleis er det ikkje behov for ny nettkapasitet.

3.3.2 Anleggskraftlinjer

Naudsynt straum til anlegget vil verte generert av dieselaggregat på anleggsstaden.

3.4 Forholdet til Samla plan

I St.meld. nr. 60, 1991-92, vart det vurdert å handsama fire ulike overføringsprosjekt til BKK sine kraftverk i Bergsdalsvassdraget. Det eine av dei gjaldt overføring av øvre del av Øystesevassdraget frå Fugladalsvatnet til Hamlagrøvatnet. Prosjektet var rekna til å kunne gje 28 GWh og vart plassert i kategori I, gruppe 3.

I 1998 meldte BKK om fire overføringar frå ulike vassdrag til Samnagervassdraget for handsaming i Samla plan. Det eine av desse var eit nytt alternativ for overføring av øvre del av Øystesevassdraget. Det tilsvarar det prosjektet som vert omsøkt her. Tre av prosjekta vart plassert i kategori I av DN i 2006. Det fjerde, overføringa av Øystesevassdraget vart stilt i ro fordi Stortinget året før hadde vedteke at Øystesevassdraget skulle utgreiast for vern i Supplering av verneplan for vassdrag.

I brev dagsett, 21.01.2010, til BKK Produksjon AS konkluderer DN med at prosjektet med å overføra Vossadalsvatnet til Svartavatnet ikkje treng nokon vidare handsaming i Samla plan og at prosjektet kan konsesjonshandsamast. Vedtaket var teke i samråd med NVE.

4 HYDROLOGI

4.1 Grunnlagsdata

For å skildre tilsigsvariasjonane i Øystesevassdraget er det brukt historiske dataseriar for uregulerte vassdrag som har liknande felteigenskaper med nedbørfeltet for Øystesevassdraget.

Karakteristiske feltparameter for Øystesevassdraget, feltet til Vossadalsvatnet og feltet til Fitjadalsvatnet (innløpet) er vist i tabell 6. Referansestasjonane 62.18 Svartavatn i Øvstedalselvi/Tysseelvi, 61.8 Kaldåen i Bergsdalsvassdraget, 63.12 Fjellanger i Eksingevassdraget og 62.10 Myrkdalsvatn i Vossodalsvassdraget er vurdert til å representere vassføringsvariasjonen i Vossadalselva/Øysteseelva, jf. figur 13. Feltkarakteristika for desse stasjonane er lista i tabell 7. Hypsografisk kurve for skisserte delfelt i Øystesevassdraget er samanlikna med hypsografiske kurver for referansestasjonane.

BKK etablerte den 8. juli 2010 en målestasjon for vassføring i Vossadalselva ca. 1000 m oppstrøms innløpet til Fitjadalsvatnet. Formålet med målestasjonen er å kunne dokumentere vassføringar i elva og kontrollere korrelasjon mellom Vossadalselva og utvalde dataseriar for vassføring som skal nyttast ved vurdering av vassføringa i Vossadalselva / Øysteseelva før og etter overføring av Vossadalsvatnet. Plasseringa av målestasjonen går fram av kartutsnittet på figur 12. I tillegg vert det også logga vass temperatur.


Vassmerke 62.18 Svartavatn er på grunnlag av mest samanfallande feltkarakteristika og samanlikning av data vurdert å vere beste dataserie til å representere vassføringa i Vossadalselva / Øysteseelva. Feltet til Øystesevassdraget er noko mindre enn feltet til 62.18 Svartavatnet men ein høgare effektiv sjøprosent vil ha ein tilsvarande dempende effekt på avrenninga. Vidare er dei hypsografiske kurvane og spesifikk avrenning for felta ganske lik (jf. hydrologirapport).

Tabell 6: Karakteristiske feltparameter for uregulerte felt. Parametrane er bestemt i ArcView vha. digitalt N50 kart og NVE sitt avrenningskart for Norge perioden 1961-1990


Feltparameter / Nedbørfelt	Feltet til Vossadalsvatnet	Feltet til Fitjadalsvatnet	Øystesevassdraget
Feltareal [km ²]	10,0	29,8	44,2
Tilsig [mill. m ³ /år]	44,6	113,8	150,6
Middelvannføring [m ³ /s]	1,4	3,6	4,8
Spesifikk avrenning [l/s km ²]	141,4	121,1	108,0
Snaujell [%]	> 90	> 75	> 60
Sjøprosent [%]	6,3	3,4	5,0
Effektiv sjøprosent [%]	2,8	0,3	2,4
Breandel [%]	0,0	0,0	0,0
H _{min} [moh]	707	266	0
H ₅₀ [moh]	975	885	775
H _{maks} [moh]	1320	1320	1320
Feltakse [km]	3,6	7,1	11,8

Tabell 7: Felldata for nytta referanseseriar for uregulert vassføring. Dataene er henta frå HYSOPP i NVE sitt databasesystem Hydra II.

Feltparameter / Stasjon	VM 61.8 Kaldåen	VM 62.10 Myrkdalsvatn	VM 62.18 Svartavatn	VM 63.12 Fjellanger
Feltareal [km ²]	15,9	159,0	72,3	12,8
Spesifikk avrenning [l/s km ²] ¹	100,7 (100,5)	76,1 (75,5)	112,4 (110,9)	95,4 (93,9)
Snaujell [%]	93	73	65	86
Sjøprosent [%]	2,1	3,8	3,1	4,6
Effektiv sjøprosent [%]	0,1	1,2	0,3	-
Breandel [%]	0,0	0,0	0,0	0,0
H _{min} [moh]	579	229	219	401
H ₅₀ [moh]	884	976	754	913
H _{maks} [moh]	1128	1429	1109	1206
Observasjonsperiode	1988 - dd	1964 - dd	1987 - dd	1994 - dd



Figur 12: Øystesevassdraget med avgrensning av feltet til Vossadalsvatnet som BKK vil overføre til Svartavatnet i Samnangervassdraget. Referansepunkter for vassføring er vist samt plassering av hydrometrisk målestasjon (etablert av BKK i 2010).



Figur 13: Øystesevassdraget og Samnangervassdraget si plassering i forhold til vannelementene 61.8 Kaldåen, 62.10 Myrkdalsvatn, 62.18 Svartavatn og 63.12 Fjellanger.

4.2 Vassførings- og vasstandsendringar, restvassføringar

I høve til konsekvensutgreiingsprogrammet skal vassføringshøva før og etter utbygging visast for relevante punkt i vassdraget. Referansepunkta for vassføring er vist på figur 12 og lista i tabell 8.

Tabell 8: Referansepunkt for vassføring i Vossadalselva/Øysteseelva. Parameter er for dagens situasjon utan overføring.

Referansepunkt	Areal [km ²]	Tilsig [mill. m ³ /år]	Middelvannføring [m ³ /s]	Høyde [moh]
Ved utløp av Vossadalsvatnet	10,0	44,6	1,41	707
Ved Vossadalshola	11,9	52,1	1,65	535
Ved Botnane	21,7	86,6	2,75	345
Ved plassering av BKKs vannstandslogger	24,4	94,9	3,01	310
Ved innløp i Fitjadalsvatnet	29,8	113,8	3,61	266
Ved planlagt inntak til Øystese kraftverk	40,3	143,4	4,55	254
Ved utløp i Hardangerfjorden	44,2	150,6	4,78	0
Søyagjelet ved innløp Svartavatnet	2,2	10,3	0,33	625

Tabell 9: Karakteristiske lågvassføringer ved referansepunkta (jf. tabell 7) utrekna vha. LAVVANN og skalering av referanseserie. Utrekningane er gjort på grunnlag av dagens situasjon utan overføring Vossadalsvatnet.

Referanse punkt	Beregnet vha. LAVVANN		Beregnet vha. referanseserie		
	Midlere 7-døgns lavvannføring [l/s] Sommer / Vinter	Alm. lavvannføring [l/s]	5-persentil [l/s] Sommer / Vinter	Alm. lavvannføring [l/s]	Referanse serie
Ved utløp av Vossadalsvatnet	240 / 149	131	148 / 34	49	Kaldåen
			115 / 41	53	Svartavatn
			147 / 86	97	Fjellanger
Vossadalshola	-	-	134 / 48	62	Svartavatn
Botnane	-	-	223 / 80	103	Svartavatn
Ved vannstandslogger	-	-	244 / 87	113	Svartavatn
Ved innløp i Fitjadalsvatnet	898 / 407	358	293 / 105	135	Svartavatn
Ved inntak til Øystese kraftverk	-	-	369 / 132	170	Svartavatn
Ved utløp i Hardangerfjorden	1315 / 598	526	387 / 139	179	Svartavatn
Søyagjelet	-	-	27 / 9	12	Svartavatn

4.2.1 Minstevassføring

Minstevassføringa er foreslått til 5-persentil sommar og vinter. Frå dammen ved Vossadalsvatnet vil det så fram det er tilsig til vatnet verte sleppt 115 l/s frå 1. mai til 30. september og 40 l/s frå 1. oktober til 30. april. Grunngevinga for sommarminstevassføringa er først og fremst å visuelt avbøte øvre del av vassdraget i relasjon til den turaktiviteten som føregår, samt å sikre levekår for enkelte fuglearter tilknytt vassstrengen. Med minstevassføring vil ikkje øvre del av vassdraget verte tørrlagt om sommaren. Vintervassføringar over 700 m høgde er vanskeleg å simulere eksakt. BKK vil argumentere for at store delar av vintertilsiget er snø som vert akkumulert til våren. Det vil normalt ikkje vere særleg vassføring ut av Vossadalsvatnet i vintermånadane. På grunn av funn av sterkt trua elvemosevegetasjon i utløpet av Vossadalsvatnet og ca. 50-100 m nedstrøms utløpet, er det likevel sett minstevassføring til 40 l/s om vinteren for å søke å ivareta levekåra for denne arten. Minstevassføringa vil utgjere eit energitap på om lag 3 GWh i året.

4.3 Flaumar

Det er gjort flaumfrekvensanalyse av utvalde dataserier ved hjelp av dataprogrammet EKSTREM i NVE sitt databasesystem Hydra II. Øystesevassdraget ligg i regionen der haustflaum er dominerande, og det er derfor sett på flaumfrekvens av haustflaumar. Resultatet av analysen er vist i tabell 10.

Tabell 10: Flaumfrekvensanalyse av utvalde dataserier for uregulerte vassdrag av haustflaumar. Flaumfrekvensanalyse er gjennomført i dataprogrammet EKSTREM i NVE sitt databasesystem Hydra II.

Årstid	Dataserie	Q_M [l/s·km ²]	Q_{10} / Q_M
Høstflom	VM 61.8 Kaldåen	764	1,585
	VM 62.18 Svartavatn	976	1,562
	VM 63.12 Fjellanger	744	1,559
	Gjennomsnitt	828	1,569

Basert på resultat av flaumfrekvensanalyse er det venta at middelflaum ved utløpet av Vossadalsvatnet vil vere ca. 8 m³/s. Skadeflaum (Q_{10}) er forventa å vere i storleiken 12-13 m³/s. NVE har utført flaumanalyse på den nederste kilometeren av Øysteseelva i samband med flaumsonekartprosjektet. Flaumutrekningane er basert på regionale flaumformlar og frekvensanalyser av observerte flaumar ved målestasjonane i nærliggjande vassdrag. Ei oppsummering av resultatet av flaumutrekninga er vist i tabell 11.

Tabell 11: Flaumverdiar for Øysteseelva ved utløpet i Hardangerfjorden. Forholdet Q_{10}/Q_M er estimert til 1,44. (Kilde: NVE)

Øysteseelva	Q_M [l/s·km ²]	Q_M [m ³ /s]	Q_{10} [m ³ /s]	Q_{100} [m ³ /s]	Q_{500} [m ³ /s]
Døgnmiddelvannføring [m ³ /s]	1000	45	64	91	111
Kulminasjonsvannføring [m ³ /s]	1460	65	93	133	161

4.4 Verknader av tiltaket

Restvassføringar, dvs. andelen av årlig tilsig som er tilbake etter utbygging, er estimert ved referansepunkta lista i tabell 8. Restvassføringane er vist i tabell 12 for eit tørt, middels og vått år samt gjennomsnittet med slepp av minstevassføring frå Vossadalsvatnet som skildra i avsnitt 4.2. Resttilsiget er vurdert i høve til dagens situasjon utan overføring. Etter utbygging vil det bli sporadiske overløp over dammen i utløpet av Vossadalsvatnet, enten når vassføringa er større enn kapasiteten til overføringstunnelen til Svartavatnet eller når overføringa er stengd på grunn av flaum.

Tabell 12: Gjennomsnittleg vassføring ved referansepunkt i Vossadalselva og Øysteseelva før og etter utbygging med slepp av minstevassføring 115/40 l/s tilsvarande 5-persentil sommar/vinter. Vidare er også prosentandelen av tilsiget som er tilbake etter overføring vist.

Vannføring		Gjennomsnitt			Tørt år			Middels år			Vått år		
		År	Sommer	Vinter	År	Sommer	Vinter	År	Sommer	Vinter	År	Sommer	Vinter
Referansepunkt	Før [m³/s]	1,41	1,76	1,16	0,83	0,76	0,87	1,40	1,78	1,12	2,00	2,48	1,65
	Etter [m³/s]	0,05	0,12	0,04	0,07	0,12	0,04	0,07	0,12	0,04	0,07	0,12	0,04
	Rest	5 %	7 %	3 %	9 %	15 %	5 %	5 %	6 %	4 %	4 %	5 %	2 %
Ved utløp av Vossadalsvatnet	Før [m³/s]	1,41	1,76	1,16	0,83	0,76	0,87	1,40	1,78	1,12	2,00	2,48	1,65
	Etter [m³/s]	0,05	0,12	0,04	0,07	0,12	0,04	0,07	0,12	0,04	0,07	0,12	0,04
	Rest	5 %	7 %	3 %	9 %	15 %	5 %	5 %	6 %	4 %	4 %	5 %	2 %
Vossadalshola	Før [m³/s]	1,65	2,06	1,36	0,96	0,88	1,02	1,63	2,08	1,31	2,33	2,89	1,93
	Etter [m³/s]	0,31	0,41	0,24	0,21	0,24	0,19	0,31	0,41	0,23	0,41	0,53	0,32
	Rest	19 %	20 %	17 %	22 %	27 %	18 %	19 %	20 %	17 %	17 %	18 %	16 %
Botnane	Før [m³/s]	2,75	3,42	2,26	1,60	1,47	1,70	2,71	3,45	2,17	3,87	4,81	3,20
	Etter [m³/s]	1,40	1,78	1,13	0,85	0,83	0,86	1,39	1,79	1,09	1,95	2,45	1,59
	Rest	51 %	52 %	50 %	53 %	56 %	51 %	51 %	52 %	50 %	50 %	51 %	50 %
Ved vannstandslogger	Før [m³/s]	3,01	3,75	2,47	1,76	1,61	1,86	2,97	3,79	2,38	4,25	5,27	3,51
	Etter [m³/s]	1,67	2,10	1,35	1,00	0,97	1,03	1,65	2,12	1,30	2,32	2,91	1,90
	Rest	55 %	56 %	55 %	57 %	60 %	55 %	55 %	56 %	55 %	55 %	55 %	54 %
Ved innløp til Fitjadalsvatnet	Før [m³/s]	3,61	4,50	2,96	2,11	1,93	2,23	3,56	4,54	2,86	5,09	6,32	4,21
	Etter [m³/s]	2,27	2,85	1,84	1,35	1,29	1,40	2,24	2,88	1,78	3,17	3,96	2,60
	Rest	63 %	63 %	62 %	64 %	67 %	63 %	63 %	63 %	62 %	62 %	63 %	62 %
Ved planlagt inntak til Øystese kraftverk (rett oppstrøms Ørredalsfossen)	Før [m³/s]	4,55	5,67	3,74	2,65	2,43	2,81	4,49	5,72	3,60	6,42	7,96	5,30
	Etter [m³/s]	3,20	4,02	2,61	1,90	1,79	1,98	3,16	4,06	2,52	4,49	5,60	3,69
	Rest	70 %	71 %	70 %	72 %	74 %	70 %	70 %	71 %	70 %	70 %	70 %	70 %
Ved utløp i Hardanger-fjorden	Før [m³/s]	4,78	5,96	3,92	2,79	2,56	2,95	4,71	6,01	3,78	6,74	8,36	5,57
	Etter [m³/s]	3,43	4,31	2,80	2,03	1,91	2,12	3,39	4,34	2,70	4,81	6,00	3,96
	Rest	72 %	72 %	71 %	73 %	75 %	72 %	72 %	72 %	71 %	71 %	72 %	71 %
Søyagjelet	Før [m³/s]	0,33	0,41	0,27	0,19	0,17	0,20	0,32	0,41	0,26	0,46	0,57	0,38
	Etter [m³/s]	1,74	2,17	1,43	1,02	0,93	1,08	1,72	2,19	1,38	2,46	3,05	2,03
	Økning	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %	533 %

4.4.1 Vossadalselva/Øysteseelva nedstrøms Vossadalsvatnet

På strekninga nedstrøms Vossadalsvatnet vil vassføringa verte sterkt redusert, men eit relativt stort restfelt sikrar at vassføringa allereie ved Botnane vil vere om lag 50% av opphavleg vassføring. Vassføringa i Vossadalselva / Øysteseelva før og etter utbygging er vist ved referansepunktta. Slepp av minstevassføring har størst verknad oppstrøms Fitjadalsvatnet, mens bidraget frå minstevassføringa vil vere mindre vesentlig for vassføringa lengre nedstrøms i vassdraget. I periodar med overløp over dammen i Svartavatnet vil overføringstunnelen bli stengt og avrenninga frå Vossadalsvatnet vil gå i Øystesevassdraget.

4.4.2 Vurdering av vassføring etter utbygging i høve til snøsmelting

Det er gjort ei vurdering av konsekvensane av å overføre tilsiget til den øvste delen av Øystesevassdraget i høve til bidraget frå snøsmelting til vassføringa i Vossadalselva / Øysteseelva ved å sjå på fordelinga av snø og snødjupne i feltet (<http://senorge.no/>) Vidare er hypsografiske kurver for Øystesevassdraget og referansestasjonene samanlikna og spesifikk avrenning for 61.8 Kaldåen, 62.18 Svartavatn og 63.12 Fjellanger er sidestilt. Desse samanstillingane vil kunne gje informasjon om variasjonar i vassføring som funksjon av av snøsmelting / høgdefordeling i feltet.

Informasjonen frå <http://senorge.no/> viser at akkumulasjon av snø er ganske lik på høgfjellet men med marginalt større akkumulasjon på Fuglefjellet (den nordvestlige del av vassdraget – del av feltet til Vossadalsvatnet). Vidare er snøsmelting i juni, juli og august dermed større frå Fuglefjellet enn frå den øvrige delen. Hypsografiske kurver for Øystesevassdraget før overføring og restfeltet etter overføring viser lik fordeling av høgde med en liten forskyving. I både før og ettersituasjonen er høgdefordelinga vurdert til å vere samanfallande med den hypsografiske kurve for 62.18 Svartavatn. Vassføringa før og etter overføring av Vossadalsvatnet er vurdert til å ikkje bli meir forskjellig enn den variasjon som ein kan oppleve frå år til år.

4.4.3 Kapasiteten til overføringstunnelen / Vassføringsforholda i Søyagjelet


Alt tilsig til Vossadalsvatnet vil i utgangspunktet bli overført til Svartavatnet, med unntak av minstevassføring. Likevel vil overføringstunnelen nokre få dagar i året (flaumsituasjonar) sannsynligvis ikkje ha kapasitet til å overføre alt tilsiget. Med kapasiteten til overføringstunnelen (jf. 4.4.3) er det forventat at heile tilsiget til Vossadalsvatnet vert overført til Søyagjelet / Svartavatnet – unntatt situasjonar med flaum og overløp over dammen i Svartavatnet. Vassføringa i Søyagjelet vil auke monaleg (ca. 5 gonger) på strekket nedstrøms utløpet frå overføringstunnelen til Svartavatnet som konsekvens av overføringa.

4.4.4 Andre prosjekter / Øystese kraftverk

Overføringen til Svartavatnet vil få innverknad for det planlagde Øystese kraftverk som vil utnytte fallet i Øysteseelva mellom kote 260 og 35/30. Tilsiget til Øystese kraftverk vil bli redusert med omlag 30 % og som konsekvens av dette vert energiproduksjon i Øystese kraftverk redusert med om lag 30 %.

4.4.5 Svartavatnet i Samnangervassdraget

Overføring av vatn frå Vossadalsvatnet vil medføre at magasinfyllinga av Svartavatnet vert endra marginalt. Det er figur 14 vist magasinkurver for Svartavatnet høvesvis med og utan overføring av Vossadalsvatnet for dagens situasjon med BKK sine eksisterande kraftverk i Samnangervassdraget og for utbygging av konsesjonssøkte Aldal kraftverk.



Figur 14: Magasin kurve for Svartavatnet – middels år

4.4.6 Flaumhøve

Øystesevassdraget ligg i eit område der store flaumar som oftast førekjem på hausten. Flaumepisodane er vanlegvis skapt av intens nedbør og kan vere kombinert med snøsmelting, då ein

del av feltet ligg høgt. I situasjonar der Svartavatnmagasinet har kapasitet til å ta i mot flaumvatn frå Vossadalsvatn/Øystesevassdraget, vil flaumane i Øystesevassdraget verte redusert tilsvarende overføringskapasiteten til overføringa. Det er vurdert at tiltaket vil endre på flaumhøva (flaumfrekvensen og flaumstorleiken) marginalt i flaumsituasjonar der overføringa er operativ.

Overføringa vil ikkje endre flaumhøva i Øystesevassdraget i periodar der det samtidig er overløp frå Svartavatnet. Ved overløp i Svartavatnet vil overføringa verte stengd for å søke å unngå skadeverknader i Samnangervassdraget. I dei mest ekstreme flaumsituasjonane er det rimelig å anta at Svartavatnmagasinet er fullt og at overføringa vert stengd. I ekstreme flaumsituasjonar vil overføringa såleis ikkje påverke flaumhøva i Øystesevassdraget.

4.4.7 Oppfølgende undersøkelser

Drifta av den etablerte målestasjonen for vassføring bør halde fram.

5 FRAMLEGG TIL MANØVRERINGSREGLEMENT

Overføringa

1.

Avløp frå følgjande felt kan overførast og nyttast i Samnangervassdraget:

- Vossadalsvatnet 10,0 km²

2.

Ved manøvrering skal dei naturlege flaumvassføringane nedanfor magasinane og inntaka i Samnangervassdraget så vidt mogleg ikkje aukast.

3.

Frå Vossadalsvatnet skal det så fram det er tilsig til vassdraget sleppast inntil 115 l/s i sommarhalvåret (01.05 – 30.09) og inntil 40 l/s i vinterhalvåret (01.10 – 30.04)

6 AREALBRUK OG EIGEDOMSFORHOLD

6.1 Arealbruk

I tabell 13 er det gjort eit overslag over naudsynte areal i samband med utbygging

Tabell 13: Arealbruk

Tiltak/anleggsdel	Arealbruk overføring	
	Mellombels	Permanent
Riggområde ved dam Svartavatnet	3 500 m ²	0
Riggområde Søyegjelet	2 200 m ²	0
Riggområde 2 Søyegjelet	3 500 m ²	0
Riggområde Vossadalsvatn	1 000 m ²	0
Massedeponi Svartavatn	12 700 m ²	12 700
Tunnelpåhogg	550	150
Veg i Søyegjelet	4 000	4 000
Sum (m²)	27 450 m²	16 850m²
Sum (daa)	27,45	16,85

Utbygginga er lite arealkrevjande. Området ved dammen ved Svartavatnet er eit eksisterande riggområde som vil verte brukt til rehabilitering av dammen i 2013. Dei øvrige riggområda vil verte arrondert og revegetert etter at anleggsperioden er over.

6.2 Eigedomshøve

Området for inngrepa i Søyegjelet og Vossadalsvatnet er eigd av eit felleseige på gnr. 44 og gnr. 45 i Kvam herad. Riggområdet ved dammen ved Svartavatnet er i felleseige på gnr. 19 og gnr. 32 i Kvam herad.

Det har vore kontakt mellom BKK og grunneigarar der tiltaket og planane er blitt presentert. BKK tek sikte på å inngå minnelege avtalar for areal naudsynt for å gjennomføre utbygginga. I tilfelle minnelege avtalar ikkje vert oppnådd søker BKK samtidig om ekspropriasjonsløyve.

Fallrettane frå kote 707 til kote 0 er i hovudsak i privat eige. Kvam herad er fallrettseigar på om lag 25% av som er tenkt brukt i Øystese kraftverk. BKK si overføring vil redusere vassmengda i Øystesevassdraget og såleis nytte private fallrettar. BKK er i dialog både med Øystese kraft og ein del andre fallrettseigarar i Øystesevassdraget. BKK har per 30.3.2012 ikkje avtale om fallrett for noko del av Øystesevassdraget.

I vedlegg 4 er det oversikt over råka eigedommar.

7 KOSTNADER

Utbyggingskostnadane byggjer på NVE sitt kostnadsgrunnlag for vasskraftprosjekt og egne erfaringsprisar for nyleg gjennomførte prosjekt.

Tabell 14: Spesifisert kostnadsoverslag per 01.09.2011

Kostnadselement overføring av Vossadalsvatnet	Mill kr
1. Prosjektledelse og adm	9,2
2. Reguleringar	6
3. Driftsvassvegar	73,7
4. Transportanlegg	5,9
5. Uføreset	12,8
6. Totalkostnad	107,6
7. Totalkostnad inkl. byggelånsrenter	112

8 PRODUKSJON

8.1 Føresetnader

Overføringa til Samnangervassdraget er simulert i VANSIMTAP. Det vert referert til "Konsekvensutgreiing hydrologi – Utbygging i Samnangervassdraget og Aldalselva" for detaljert skildring av føresetnadane for simuleringane av kraftverksmodular i Samnangervassdraget. Tilsiget til Vossadalsvatnet er lagt til det uregulerte tilsiget til Svartavatnetmodulen. I simuleringane er det ikkje tatt omsyn til eventuelle flaumar og slepp av minstevassføring frå Vossadalsvatnet. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå Vossadalsvatnet på 115 l/s om sommaren (1. mai – 30. september) og 40 l/s om vinteren (1. oktober – 30. april) som tilsvara 5-persentilen. Tapte produksjon som konsekvens av slipp av minstevassføring er estimert ved hjelp av energiekvivalenten (jf. Tabell 16).

8.2 Resultat

Resultatet av produksjonssimuleringane i VANSIMTAP går fram av tabell 15. Det er utført simulering av overføringsprosjektet med to situasjonar i Samnangervassdraget:

1. Dagens kraftverk
Overføring av Vossadalsvatnet vil med BKK sine eksisterande kraftverk i Samnangervassdraget auka produksjonen i vassdraget med 40,9 GWh.
2. Konsesjonssøkt Aldal kraftverk.
Overføring av Vossadalsvatnet vil med BKK sitt konsesjonssøkte Aldal kraftverk auke produksjonen i vassdraget med 57,4 GWh.

Begge produksjonsestimata er utan slepp av minstevassføring i frå Vossadalsvatnet.

Tabell 15: Resultat av produksjonssimulering i VANSIMTAP. I simuleringa er det ikkje tatt omsyn til eventuell flaum og slepp av minstevassføring frå Vossadalsvatnet.

Prosjekt		Dagens situasjon		Konsesjonssøkt Aldal kraftverk	
		Uten overføring	Med overføring	Uten overføring	Med overføring
Tekniske data	Slukeevne Frøland / Aldal [m ³ /s]	16,0	16,0	35,0	35,0
	Effekt Frøland / Aldal [MW]	19,5	19,5	60,5	60,5
	Slukeevne Frøland småkraftverk [m ³ /s]	-	-	3,0	3,0
	Effekt Frøland småkraftverk [MW]	-	-	4,1	4,1
Produksjon	Kvittingen [GWh]	167,4	188,2	166,7	189,7
	Grønsdal [GWh]	154,4	168,3	156,6	171,8
	Myra / Aldal [GWh]	14,1	15,2	226,4	245,6
	Frøland / Frøland småkraftverk [GWh]	133,7	138,7	11,5	11,6
	Tysse kraftverk ¹ [GWh]	23,9	24,1	13,9	13,9
	Sum² [GWh]	493,7	534,5	575,2	632,6
	Endring [GWh]	-	40,9	-	57,4
	Brukstid Frøland / Aldal [timer]	6869	7113	3742	4060
Flom og forbitapping	Brukstid Frøland småkraftverk [timer]	-	-	2812	2831
	Svartavatnet [mill. m ³ /år]	7,7	16,6	5,1	10,0
	Kvittingsvatn [mill. m ³ /år]	17,5	30,2	12,2	19,7
	Grønsdalsvatn [mill. m ³ /år]	21,9	36,1	6,7	11,3
	Fiskevatn [mill. m ³ /år]	66,6	95,6	11,2	15,6
	Tysse [mill. m ³ /år]	396,3	436,9	157,8	162,3

¹Tysse kraftverk er simulert etter gjeldande vilkår (Kjelde: Konsekvensutgreiing hydrologi – Utbygging i Samnangervassdraget og Aldalselva).

²Summen utgjer den samla produksjon for alle kraftverka i Samnangervassdraget.

Slepp av minstevassføring frå Vossadalsvatnet på 115 l/s for perioden 1. mai til 30. september og på 40 l/s for perioden 1. oktober til 30. april tilsvarande 5-persentilen utgjer eit volum på 2,25 mill. m³ (høvesvis 1,52 mill. m³ og 0,73 mill. m³ på sommaren og vinteren). Tap i produksjon som konsekvens av krav til minstevassføring går fram av tabell 16. Med dagens situasjon vil produksjonsauka som følgje av overføringa verte redusert frå 40,9 GWh til 37,7 GWh ved slepp av minstevassføring.

Tabell 16: Redusert produksjon i Samnangervassdraget som følge av slipp av minstevassføring fra Vossadalsvatnet.

	Dagens situasjon	Konsesjonssøkt Aldal kraftverk
Summert energiekvivalent [kWh/m ³]	1,42	1,48
Tapt produksjon ¹ [GWh]	3,20	3,33
Produksjonsendring² [GWh]	37,7	54,1

¹Tapt produksjon i forhold til produksjonsøkningen i tabell 15. (Eksempel: 1,42 kWh/m³ x 2,25 mill. m³ = 3,2 GWh).

²Produksjonsøkning ved overføring av Vossadalsvatnet til Svartavatnet med slipp av minstevassføring fra Vossadalsvatnet.

9 ANDRE SAMFUNNMESSIGE FORDELAR

Summen av dei samla investeringane er førebels rekna til 112 millionar kroner. Ved ei realisering av prosjektet vil ein del varer og tenester koma frå norske leverandørar. Ei eventuell utbygging vil ha ein positiv innverknad på næringsliv og sysselsetjing på grunn av auka etterspurnad etter varer og tenester, hovudsakleg i anleggsperioden. Ein del av dette vil koma lokalsamfunnet til gode.

Ved ei realisering av tilleggsoverføringa til Samnangervassdraget vil prosjektet kunne bidra til tiltak som til dømes vegutbetring i Fitjadalen, fiskekultivering og liknande tiltak i samsvar med lokale ynskje og behov.

Stat, fylke og kommune vil få auka skatteinngang, særleg i driftsfasen gjennom auke i konsesjonsavgift, konsesjonskraft, eigedomsskatt, selskapsskatt, grunnrenteskatt og naturressursskatt.

Så lenge overføringstunnelen er open vil flaumane i Øystesevassdraget verte redusert tilsvarande overføringskapasiteten.

10 FORHOLDET TIL OFFENTLEGE PLANAR

10.1 Kommunale planar

Plan- og bygningslova styrer og samordnar areal- og ressursbruken i kommunane. Tiltaks- og influensområdet er stort sett avsett som LNF-område i arealdelen til Kvam herad sin kommuneplan. Område frå Vossadalshola og fjellområda omkring Vossadalsvatnet er gjeldande kommuneplan merka LNF- N der naturvern er dominerande. I retningslinjene til arealdelen står det følgjande:

LNF-N – område har høg verdi anten som verna naturområde, inneheld spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller ein kombinasjon av desse. Vasskraftutbygging, veganlegg, kraftliner, hytter og andre tekniske installasjonar bør ikkje koma i desse områda. Ved vurdering av planar eller tiltak bør det difor leggast ekstra vekt på å ivareta desse interessene.

BKK meiner at omtalte retningslinjer i kommuneplanen må sjåast opp mot omsøkte prosjekt og prosjektet sine konsekvensar. Tiltaka i Søyegjelet og dam Svartavatnet ligg ikkje i LNF-N område.

Dersom det vert gjeve konsesjon kan kommunen ikkje krevje reguleringsplan for tiltaket, men kommunen kan likevel påverka både hovudløyisinga og detaljar gjennom konsesjonshandsaminga. NVE skal framleis leggja stor vekt på eksisterande kommunale og regionale planar ved konsesjonsinnstilling.

10.2 Fylkeskommunale planar

Klimaplan for Hordaland (2010 – 2020)

Klimaplan for Hordaland skisserer mål og strategiar for energiproduksjon i fylket:

Energibruken skal reduserast og gjerast berekraftig gjennom effektivisering og bruk av ny fornybar energi. Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Strategi C: Hordaland skal vere ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi

Delmål:

8. Hordaland vil stimulere til utvikling, produksjon og bruk av nye fornybare energikjelder. Kompetanse, forskning og utdanning på energifeltet skal styrkjast. Verkemidlar må sikre utvikling, produksjon og tilgang til marknad/ sluttbrukar.

9. Hordaland skal produsere energi frå fornybare kjelder og med minst mogleg arealkonflikar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

10. Effektivisering og modernisering av eksisterande vasskraftverk.

BKK meiner omsøkte prosjekt bidrar til måloppnåing andsynes Fylkeskommunen sin strategi C, punkt 9. og 10. Prosjektet vert vurdert som ei skånsam utnytting av vasskraftressursane. Utbygginga inneber få synlege tekniske inngrep i Øystesevassdraget og ingen store negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det overførte vatnet vil verte magasinert og nytta i eit allereie utbygt vassdrag og såleis effektivisere eksisterande kraftverk.

Fylkesdelplan for småkraftverk

Fylkesdelplan for små vasskraftverk (Kjelde: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/naringsutvikling/Energinaringar/Energi/Fylkesdelplan-for-sma-vasskraftverk/>) har samla kunnskap om ulike interesser som småkraftkraftutbygging kan gripe inn i, og laga retningslinjer for korleis småkraftutbygging kan skje i område der det er andre viktige arealverdiar som må takast omsyn til.


Planen skisserer generelle mål for utbygging av små kraftverk:

- Hordaland vil stimulere til og ynskjer auka bruk av fornybare energikjelder
- Tilgangen på energiressursar skal gje verdiskaping og danne grunnlag for næring
- Utbygging av ny energiproduksjon må ta omsyn til miljø og arealverdiar
- Ny fornybar energiproduksjon i små-, mini-, og mikrokraftverk må ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar

Når det gjeld arealmessige føringar og verddivurderingar i høve til enkelttema, oppsummerar planen kjende registreringar som til dømes inngrepsfrie naturområde, verdisetting av regionale friluftsområde og kulturminne. Alle tema som inngår i fylkesdelplanen er og omfatta av konsekvensutgreiinga tilhøyrande konsesjonssøknaden.


Områda Fitjadalen – Vossadalsvatnet – Svartavatnet er i Fylkesdelplan for småkraftverk vist slik:

- Alle kart i dei neste figurane kan lastast ned i betre kvalitet frå nettstaden til Hordaland fylkeskommune:
<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/naringsutvikling/Energinaringar/Energi/Fylkesdelplan-for-sma-vasskraftverk/>




Figur 15: Verdivurdering sårbart høgfjellsområde


Område ovanfor Fitjadalen frå Vossadalsvatnet mot Svartavatnet er vurdert som sårbart høgfjellsområde med stor verdi.




Figur 16: Verdivurdering fjordlandskap




Figur 17: Temakart biologisk mangfald




Figur 18: Inngrepsfrie naturområde




Figur 19: Fisk verddivurdering



Figur 20: Oversyn freda kulturminne



Figur 21: Verdivurdering friluftsområde



Figur 22: Oversyn reiseliv

10.3 Verneplanar

I samband med handsaminga av Suppleringa av verneplan for vassdrag gjorde Stortinget vedtak i 2005 om at Øystesevassdraget skulle utgreiast for vern mot kraftutbygging. I St.prp.nr.53 (2008-2009) tilrådde OED at Øystesevassdraget ikkje vart teken inn i Verneplan for vassdrag. Stortinget vedtok våren 2009 at Øystesevassdraget ikkje skulle vernast. Dette opnar for at det kan konsesjonssøkast vasskratprosjekt i Øystesevassdraget.

10.4 Ny kraftlinje Sima - Samnanger

Statnett har fått konsesjon til å bygge 420 kV linje frå Simadal i Eidfjord til Børdalen i Samnanger. Slik planane ligg føre vil leidningen gå langs med Fitjadalsvatnet frå nordre enden av vatnet og krysse vatnet i sørlige enden. Det er ikkje venta at Statnett sine planar og BKK sine planar om overføring av Vossadalsvatnet får innverknad på kvarandre.

10.5 Kraftutbygging i Øysteseelva

Grunneigarane i nedre del av Øystesevassdraget har i samarbeid med Norsk Kraft ASA planar om å utnytta fallet mellom ca kote 260 og 30 i Øysteseelva. Ei overføring av Vossadalsvatnet vil føra til at tilsiget til dette prosjektet vert redusert med om lag 30 %. Dersom både prosjekta vert realisert, må produksjonstapet overføringa påfører kraftverket i det nedre fallet erstattast. Korleis erstatninga vert gjennomført er privatrettslege høve mellom BKK og Øystese Kraft, og vil ikkje verte omtala i konsesjonssøknaden.

11 NAUDSYNTE LØYVE FRÅ OFFENTLEGE STYRESMAKTER

Nedanfor følgjer eit oversyn over relevant lovverk ved handsaminga av konsesjonssøknaden for overføringa av Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget.

Vassressurslova og vassdragsreguleringslova:

Søknaden om overføring av Vossadalsvatnet vert handsama av NVE etter reglane i vassressurslova og vassdragsreguleringslova. NVE skriv innstilling til OED og Regjeringa er konsesjonsmynde.

Energilova:

Søknaden treng ikkje handsaming etter reglane i Energilova då tiltaket ikkje medfører noko behov for elektriske anlegg.

Oreigningslova:

Søknad om samtykke til ekspropriasjon av naudsynte rettar for gjennomføring av tiltaket vert handsama av NVE etter reglane i oreigningslova. NVE er mynde.

Industrikonsesjonsloven:

Utbyggingstiltaket skal verte vurdert etter industrikonsesjonslova. I og med at den planlagde overføringa medfører at talet på innvunne naturhestekrefter aukar med over 4000 naturhestekrefter, er det naudsynt med konsesjon etter industrikonsesjonslova.

Forurensningslova:

Utbyggingstiltaket vert ikkje separat handsama etter forurensningslova, men NVE skal sørge for at forurensningsmyndighetene vert høyringspart etter vassdragslovgjevnaden. Det må i alle tilfelle søkast separat om utslippsløype i anleggsperioden.

Andre lover og forskrifter:

Utbyggingstiltaket skal også verte vurdert og eventuelt klarert etter kulturminnelova, naturmangfaldlova og vassforskrifta.

12 FRAMDRIFTSPLAN OG SAKSHANDSAMING

12.1 Framdriftsplan

Det er forutsatt at anleggsarbeidet vil foregå over om lag 2 år. Sakshandsamingstida er estimert.

Tabell 17: Framdriftsplan for overføring av Vossadalsvatn

Aktivitet	2012			2013			2014			2015			2016			2017		
Handsaming av søknad hjå NVE																		
Handsaming i OED																		
Prosjektering																		
Anleggsarbeid																		

12.2 Saksgang

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

Fase 1 – meldingsfasen

Tidlegare har BKK Produksjon lagt fram sine planar i ei melding, og gjort greie for kva slag konsekvensutgreiingar dei meinte var naudsynte. Meldinga vart sendt på høyring og etter å ha motteke fråsegner har NVE fastsett eit konsekvensutgreiingsprogram.

Fase 2 – utgreiingsfasen.

Konsekvensane av tiltaket vart i denne fasen utgreidd i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane vart utvikla vidare. Fasen vart avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

Fase 3 – søknadsfasen

Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til NVE.

Søknaden vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg ettersyn. Samtidig vert den sendt på høyring til sentrale, regionale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, og i tillegg alle som kom med fråsegn til meldinga. Søknaden med konsekvensutgreiing vil vere tilgjengeleg for nedlasting på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Alle kan komme med fråsegn. Denne kan verte sendt inn via nettsida www.nve.no/vannkraft, på sida til saka, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO. Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen.

Formålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er

- å informere om planane
- å få grunnjevne tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgreiingsprogrammet
- å få grunnjevne tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- å få eventuelle forslag til avbøtande tiltak

I løpet av høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der deltakarane vil verta orienterte om saksgangen og utbyggingssplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil verta kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Etter at høyringsrunden er avslutta vil NVE arrangere ei sluttsynfaring og utarbeide si tilråding i saka. Tiltrådinga vert sendt til Olje og energidepartementet (OED) for slutthandsaming. Endeleg avgjerd vert teke av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan verta lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED sette vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skadar og ulemper.

13 NATURMILJØ, RESSUR SAR OG SAMFUNNSINTERESSER

13.1 Innleiing

BKK Produksjon AS har med konsulentane SWECO utarbeidd konsekvensutgreiingane. For nokre tema inngår også grunnlagsdata frå Øystese kraft sine utgreiingar gjennomført av Multiconsult og Rådgivende Biologer.

Det er utført detaljerte utgreiingar for følgjande tema:

Tabell 18: Oversikt utgreiingstema for utbyggingsplanar i Samnangervassdraget

Tema	Ansvarleg/Utførande
Geologi	SWECO
Overflatehydrologi, vassstemperatur, isforhold, lokalklima og grunnvatn	BKK Produksjon AS
Sedimenttransport og erosjon, skred	BKK Produksjon AS
Landskap	SWECO
Kulturminne og kulturmiljø	SWECO
Naturmiljø og naturens mangfald	SWECO
Fisk og ferskvassøkologi	SWECO
Forureining og vasskvalitet	SWECO
Friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv	SWECO
Samfunn	SWECO
Jord, skog og utmarksressursar	SWECO

13.1.1 Influens og tiltaksområdet

Tiltaksområdet

Tiltaksområdet består av alle områda som vert direkte fysisk påverka ved gjennomføringa av det aktuelle tiltaket og dei tilhøyrande aktivitetane (jfr. § 3 i vassressursloven), medan influensområdet også omfattar dei tilstøytande områda der tiltaket vil kunne tenkast å ha direkte og indirekte verknadar.

Influensområdet


Influensområde omfattar tiltaksområdet og ei sone rundt dette området der ein kan forvente indirekte effektar ved ei eventuell utbygging. Denne sona skal inkludere mellom anna elvestrekningane nedanfor inntak som får redusert vassføring. Storleiken på influensområdet vil variere for kva tema som vert vurdert. Influensområdet vil vere større for temaet landskap enn det er for m.a. fisk/ferskvassbiologi og landbruk.

13.2 KU-metodikk

Konsekvensutgreiinga er delvis basert på eksisterande materiale og delvis på ny kartlegging i felt. Det har blitt gjennomført feltarbeid i områda langs vassdraga, og undersøking av områder for mogleg steindeponi i fleire omgangar. I tillegg er det innhenta informasjon gjennom kontakt med grunneigarar, lokale og regionale lag og organisasjonar (m.a. Øystese jeger og fisk), Kvam herad, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Konsekvensutgreiingane er basert på ein standardisert og systematisk tre-steps prosedyre for å gjere analyser og konklusjonar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøva (Statens Vegvesen 2006).

Det første steget i konsekvensutgreiinga er å skildra og vurdere området sine karaktertrekk og verdiar innanfor dei tema som skal utgreiast. Verdien vert fastsett langs ein skala som spenner frå *liten verdi* til *stor verdi* (sjå dømet under).




Verdisettinga av tiltaks- og influensområdet innanfor dei ulike fagområda vert basert på ulike tabellar med kriterium og krav.

Steg to i utgreiinga består i å skildra og vurdere utbygginga sin verknad. Konsekvensomfanget vert mellom anna vurdert ut frå omfang i tid og rom og kor sannsynleg det er for at konsekvensane skal oppstå. Konsekvensane vert vurdert både for anleggsfasen og driftsfasen. Omfanget vert vurdert langs ein skala frå *stort negativt omfang* til *stort positivt omfang* (sjå dømet under).

Fase	Utbygginga sitt omfang				
	Stor neg.	Middels neg	Lite/ Intet	Middels pos.	Stort pos.
Anleggsfasen		▲			
Driftsfasen			▲		

Det tredje og siste steget i konsekvensutgreiinga består i å kombinera verdien av området og omfanget av konsekvensane for å få den samla konsekvensvurderinga. Denne samanstillinga gjev eit resultat langs ein skala frå *svært stor negativ konsekvens* til *svært stor positiv konsekvens* (sjå dømet under). Dei ulike konsekvenskategoriane er illustrert ved å nytte symbola "+" og "-".



Figur 23: Konsekvensvifte (Statens vegvesen, 2006).

Hovudpoenget med å strukturere vurderinga av konsekvensar på denne måten, er å få fram ein nyansert og presis presentasjon av konsekvensane av eit tiltak. Dette vil også gje ei rangering av konsekvensane etter grad av viktighet. Ei slik rangering vil på same tid fungere som ei prioriteringsliste for kvar ein bør sette inn ressursane i forhold til avbøtande tiltak og overvaking.

I dei ulike fagrapportane er vurderingane på alle dei tre nivåa (verdi - omfang - konsekvens) gjengjeve og grunngeve. I søknaden er det i hovudsak referert til den samla konsekvensvurderinga, altså det siste steget i tre-steps prosedyren.

I konsekvensutgreiinga inngår òg ei vurdering av kor godt datagrunnlaget er.

Datagrunnlaget vert klassifisert i fire grupper:

Klasse	Omtale
0	Ingen data
1	Mangelfullt
2	Middels
3	Godt

13.3 Hydrologi

13.3.1 Overflatehydrologi

Dei hydrologiske forholda er omtalt i kapittel 4


13.3.2 Lokalklima

Områdeskildring


Vossadalsvatnet (707 moh) er ein del av Øystesevassdraget og er i dag uregulert. Nedbørfeltet er totalt 44,2 km². Vassdraget har utløp i Hardangerfjorden ved Øystese. Frå Vossadalsvatnet renn Vossadalselva ned Vossadalen og ut i Fitjadalsvatnet (266 moh). Frå Fitjadalsvatnet renn Øysteseelva (som elva heiter nedstrøms Fitjadalsvatnet) nedover dalføret og munnar ut i Hardangerfjorden.

Nedbørfeltet til Vossadalsvatnet er 10 km² og utgjer ca. 25 % av heile Øystesevassdraget, og tilsiget til Vossadalsvatnet utgjer omlag 28 % av det totale tilsiget i vassdraget. Middelhøgda i feltet til Vossadalsvatnet er 975 moh og for heile vassdraget er middelhøgda 775 moh. Etter overføringa vil restfeltet ha ei middelhøgda på ca 690 moh.

Nedslagsfeltet til Vossadalsvatnet ligg frå kote 707 til 1320. Dei nærmaste klimastasjonane er Samnanger, Kvamskogen, Norheimsund og ved Borge i Øystese. Av desse er det Kvamskogen og Borge aktive. Data frå stasjonane viser at normalårsnedbør for Samnanger (v/ Kvittingen, kt 370) på 3400 mm/år, 3151 mm for Kvamskogen kt 408 og 2125 mm/år for Norheimsund. NVE sitt avrenningskart viser at normalavløpet for nedslagsfeltet til Vossadalsvatnet er 4400 mm, dette er høgt men ikkje urimelig i forhold til at feltet ligg noko høgare enn målestasjonane som er mest representative for Vossadalsvatnet (Kvittingen og Kvamskogen). Området er kjent for høge nedbørsverdiar og det er om lag 200 døgn i året med nedbør > 1 mm. Normaltemperatur for Kvamskogen er 4,1 °C og den er 6,8 °C for Norheimsund.



Figur 24: Normaltemperatur Norheimsund (50105) og Kvamskogen (50300). Kjelde: <http://eklima.met.no>



Figur 25: Normalnedbør Norheimsund (50105), Kvamskogen (50300) og Samnanger (Kvittingen) 50350), Kjelde: <http://eklima.met.no>

0-alternativet

Det er ikkje venta endringar i dei lokalklimatiske tilhøva på kort sikt (innan for den perioden ein vanlegvis vurderer 0-alternativet) i forhold til dagens situasjon dersom utbygginga ikkje vert gjennomført. Men langsiktige klimaendringar vil iflg <http://senorge.no> kunne føre til at det for perioden

2071-2100 vil vere ei auke i årsmiddeltemperatur på 3 – 3,5 °C og at normalnedbøren vil auke med 20 -25 % i forhold til gjeldande normal periode.

For perioden 1971 -2000 viser <http://senorge.no> at normal snøfordeling i nedslagsfeltet til Vossadalsvatnet er større enn 2000 mm/år (vassekivalent) og vidare vil det som følgje av temperaturauken medføra at dette vil kunne reduserast med 30 -40 %. Det er då venta at det vil verta høgare avrenning og dette vil kunna resultere i større flaumar spesielt om hausten.


Overføring til Svartavatnet

Overføring av vatn til Svartavatnet er ikkje venta å gje noko verknad på lokalklimaet, men som følgje av langsiktige klimaendringar er det forventa at årsmiddeltemperturen og normalnedbøren vil auke.


13.3.3 Vasstemperatur

Dagens forhold

I samband med vassføringsmålingane som føregår i elva frå Vossdalsvatnet er det også logga vasstemperatur i same periode. Observasjonane viser at det er kaldt vatn om vinteren (og det var også låg vassføring i denne perioden). Då det ikkje pr dd føreligg data lenger enn fram til juli 2011 er data for Vossadalselva samanlikna med logging i andre uregulerte vassdrag som vi meiner er samanliknbare.



Figur 26: Vasstemperatur Vossadalselva



Figur 27: Samanstilling av vasstemperatur i uregulerte felt, Tverrelva ved Evanger i Voss, Østerbø i Høyanger, Frølandselva i Samnanger

Etter overføring til Svartavatnet

I vassdraget mellom utløpet av Vossadalsvatnet og ned til innløpet i Fitjadalsvatnet vert det høgare vasstemperatur etter at storparten av snøsmeltinga i restfeltet er over, då vassføringa vert redusert i forhold til i dag og vatnet vert meir oppvarma. Fitjadalsvatnet er relativt stort og har ein høg varmekapasitet og det er derfor ikkje venta at temperaturen i vatnet vert særleg endra i forhold til i dag. Oppvarming av overflatevatn sommarstid vil fortsatt vera mest påverka av sol.

13.3.4 Isforhold

Dagens forhold.

Vossadalsvatnet vert normal islagt tidleg på vinteren og isen kan verte liggande utover våren og sommaren. Elva frå Vossadalsvatnet ned til Fitjadalsvatnet vert også delvis islagt og snødekt gjennom vinteren.


Etter overføring til Svartavatnet

Det vert ikkje store endringar i isforholda i Vossadalsvatnet etter overføring til Svartavatnet. Svartavatnet er allereie regulert og har usikker is i reguleringssona. Overføring av vatn frå Vossadalsvatnet vil kunne bidra til at det vil verta ei råk i innløpet til Svartavatnet så lenge det er ei viss tilstrømning frå Vossadalsvatnet.

Det er ikkje venta at ei overføring av vatn frå Vossadalsvatnet vil medføre noko endring i isforholda i Fitjadalsvatnet.

13.3.5 Grunnvatn

NGU sitt kvartærgeologiske kart viser fordelinga av lausmassar innanfor nedbørfeltgrensene til Øystesevassdraget. Samanliknar ein dette lausmassekartet med NGU sitt kart over grunnvasspotensiale (figur 28) viser det store grunnvassressursar i bre- og elveavsettingane langs Vossadalselva / Øysteseelva. Dette gjeld mindre områder ved Botnane, Fitjadalsvatnet og Øystese. Ellers er det ikkje påvist grunnvasspotensiale innan feltgrensene.



Figur 28: Kartutsnittet viser grunnvasspotensialet i influensområdet med markering av grunnvassbrønner. Kilde: <http://www.ngu.no/kart/>

Overføring av Vossadalsvatnet vil medføre redusert vassføring i Vossadalselva / Øysteseelva. Redusert vassføring kan føre til auka tilstrømming frå grunnvatnet og dermed senke grunnvasstanden langs elva. Det er forventa at den reduserte vassføringa på råka elvestrekning øvst i Vossadalselva vil påvirke grunnvasstanden, men i ganske lite grad. Lengre nede i vassdraget vil den reduserte vassføringa vere forholdsvis mindre og konsekvensane er venta å vere ubetydelig for grunnvasshøva.

13.4 Erosjon og sedimenttransport

13.4.1 Dagens situasjon og områdeskildring

NGU's kvartærgeologiske kart (figur 42) samt synfaringar i området viser at det ikkje er lausmassar i området langs Søyegjelet. Figur 29 viser at delar av området er prega av fjell i dagen med relativt grove blokker og substrat i dagens elvefar. Frå Vossadalsvatnet langs elveleiet ned mot Vossadalshola er det skredmateriale. Vidare finn ein eit tynt morenelag ned mot Fitjadalsvatnet. Det er elveavsetningar med finare sediment ved det flate partiet Botnane og ved elveavsetninga ned mot innløpet til Fitjadalsvatnet.



Figur 29 Område der vatnet frå overføringa vil renne ned Søyegjelet, Svartavatnet i bakgrunnen (Kjelde: ingenørgeologisk rapport Sweco)

13.4.2 Moglege konsekvensar

Det overførte nedbørsfeltet frå Vossadalsvatnet vil kome ut i elva i Søyegjelet. Elva i Søyegjelet har eit nedbørsfelt på 2,2 km² og ein middelvassføring på 0,33m³/s ved utløpet. Dersom nedbørsfeltet til Vossadalsvatnet på 10km² vert overført aukar middelvassføringa til 1,74m³/s. Auka vassmengd i Søyegjelet tilsvarar om lag ei femdobling av dagens vassføring. Elva vil som konsekvens av auka vassføring få ei større evne til flytting av massar. Då det ikkje er lausmassar i særleg grad vil ikkje auka vassføring verte noko problem. Elveleie vil verte plastra med eigna stein der det er naudsynt slik at det overførte vatnet ikkje tek til å grave i elveleiet. **Ingen konsekvens.**

Figur 30 og figur 31 syner område for steindeponi som vil ligge under HRV. Deponiet vil verte etablert vekk frå utløpet av elva i Søyegjelet slik at denne ikkje vil grave i steinmassane i driftsfasen. Steindeponiet vil ved etablering og i den fyrste driftstida kunne avgje finsediment i vatnet, men erfaringsmessig avtar dette etter det fyrste driftsåret. Det er frå tidlegare utbyggingar etablert massedeponi delvis i reguleringssona i begge nedanforliggende magasin i Samnangervassdraget (Kvittingsvatnet og Grønsdalsvatnet). Steindeponiet vil ligge om lag 4km frå dammen og utløpet av Svartavatnet, mellom deponiet og dammen i Svartavatnet er det naturlege tersklar mellom dei neddemde vatna Svartavatnet, Holmavatnet og Frostavatnet (sjå figur 32). Det er lite truleg at utvaska sediment vil verte transportert vidare i vassdraget. **Ingen konsekvens**

Frå Vossadalsvatnet langs elveleiet ned mot Vossadalshola er det skredmateriale. Vidare finn ein eit tynt morenelag ned mot Fitjadalsvatnet. Det er elveavsetningar med finare sediment ved det flate partiet Botnane og ved elveavsetninga ned mot innløpet til Fitjadalsvatnet. Vassføringa ut frå Vossadalsvatnet vert sterkt redusert, vidare er det 17% restvassføring ved Vossadalshola og 50% restvassføring ved botnane i eit middelår. Det er venteleg at Vossadalselva si evne til å transportere lausmassar frå aktive prosessar øvst i dalen og frå sideelver vert redusert. Vidare nedover i dei rolige partia av elva vil ein også kunne oppleve opphoping av sediment som konsekvens av overføringa. Det er lite truleg at dei flate og rolige områda vert tilslamma fordi så pass stor del av vassføringa vil vere attende etter overføringa, samt at vassdraget vil fungere som før i flaumsituasjonar med tilsvarande høg evne til å transportere lausmassar. **Liten negativ konsekvens**



Figur 30: Svartavatnet med område for massedeponi fra nes til høgre og til venstre i bilete. Vasstanden på bilete er 622,1m.



Figur 31: Svartavatnet med område for massedeponi. Vasstanden på bilete er 598,2m.



Figur 32: Bilete av nedtappa Svartavatnmagasin, dammen i framgrunnen til venstre. Bilete syner dei tre oppdemde vatna Svartavatnet, Holmevatnet og Frostadvatnet og dei naturlege tersklane mellom vatna.

13.4.3 Avbøtande tiltak

Det vert ikkje føreslått avbøtande tiltak.

13.4.4 Oppfølgjande undersøkingar

Det er ikkje naudsynt med oppfølgjande undersøkingar

13.5 Skred

13.5.1 Områdeskildring



Figur 33: Vossadalen sett i nordleg austleg retning, avmerka område har potensial for steinsprang Kjelde: <http://www.norgei3d.no>



Figur 34: Søyegjelet sett i retning aust. Merka område er området der det vil føregå anleggsaktivitet Kjelde: <http://www.norgei3d.no>

Heile dalføret frå Fitjadalsvatnet og opptil Vossadalsvatnet og området rundt Vossadalsvatnet har potensial for utløysning av snø og steinras i flg data frå <http://www.skrednett.no>

Ved utløpet av Vossadalsvatnet ligg det ei blokk-ur, på austsida av vatnet. Ved planlagt tunnelpåhogg i Søyagelet er det også noko mindre blokker. I planlagt vegtrase frå Svartavatnet og opp til Søyagelet vil det kunne gå mindre snøraser, men sidan vegen er lagt på nordsida av gjelet vil dette ligge utanfor områder med fare for steinras. Det er ikkje synlege spor etter ras av nyare dato.

13.5.2 Anleggsfasen

Dersom det vert lagt opp til at anlegget skal drivast i vintersesongen, skal anleggsrigg/mannskapsbrakker og liknande plasserast utanfor områder som har potensial for snøraser. Det er lite truleg at anleggsarbeidet vil kunne medføre større ras som kan forårsake ras ut i Vossadalsvatnet eller Svartavatnet som igjen kan medføre flodbølger nedover i vassdraga.

13.5.3 Driftsfasen

Dersom det vert planlagt med vedlikehaldsarbeid i vintersesongen må det gjerast vurderingar i forhold til snøskredfare.

13.5.4 Konsekvensvurdering

Korkje anleggsfasen eller driftsfasen vil medføre noko konsekvens for tema skred. Konsekvensgraden vert satt til **ubetydeleg (0)**



Figur 35: Aktsomhetskart steinsprang. Kjelde: <http://www.skrednett.no>




Figur 36: Aktsomhetskart sneskred kjelde: <http://www.skrednett.no>

13.6 Landskap

13.6.1 Dagens situasjon områdeskildring og verddivurdering

Området som vert råka av utbyggingsplanane ligg i Kvam herad i Hordaland fylke. Prosjektområdet ligg i Øystesevassdraget og Samnangervassdraget. Influensområdet er avgrensa til det området der det er forventa at endringa i vassføring og tekniske inngrep vil påverke landskapsopplevinga. Influensområdet er delt inn i fem landskapsområder basert på romlig avgrensing og ein heilskapleg visuelt preg. Dei fem områda som ligg til grunn for vurdering av verdi, landskapsverknader og konsekvensar:

- LO 1: Svartvatn
- LO 2: Skrott
- LO 3: Fitjadalen
- LO 4: Tokomarka og Sjusete
- LO 5: Øystese



Figur 37: Inndeling av landskapsområder i influensområdet.

Landskapsområde 1: Svartavatnet

Området synast heilskapleg og har gode visuelle samanhengar. Vekslinga mellom bart fjell og lyngvegetasjon framhevar at området ligg i overgangen mellom høg fjell og lågfjell. Området byr på fleire interessante landskapsopplevingar i form av vekslinga i landformar mellom små skårne bekkedalar/kløftar, avrunda snaufjell og vertikale fjellveggar. Landskapets karakter er danna av dei store hovudformene, og av Svartavatnet. Reguleringssonen av Svartavatnet har samtidig stor visuell dominans i dei periodar sonen er synleg, og framstår då som ein uheldig kontrast til landskapet sine øvrige kvalitetar.

Verdi: Liten - C

Landskapsområde 2: Skrott

Landskapet er eit variert fjellandskap med mange mindre daler og rom. Innholdsmangfoldet i fjellet har mange kvalitetar knytt til seg, og det er mange interessante element i form av fossefall, fjellformasjonar, djupe daler, og mange vatn og bekkar. Fjelltoppane har i fleire tilfeller ein alpin utforming, og det er mykje dramatik i både terrengformasjonar og vassdraga. Området vert opplevd i stor grad som urørt, sjølv om det er fleire hytter, stiar og saubeite i området.

Verdi: Stor/Middels - A2/B1

Landskapsområde 3: Fitjadalen

Fitjadalen er ein dal med varierte hovudformar, frå det meir opne ved Fitjadalsvatnet til høge, bratte fjellsidear øvst i dalen. Det alpine preget som finns i landskapsområde 2 er tilstades også her. Dalen går samtidig frå frodig kulturlandskap til eit meir skrint naturlandskap, og byr samtidig på ein rekke landskapselement, som vassfall, fjellformasjonar og kulturlandska som i seg sjølv har inntrykksstyrke.

Verdi: Middels (til Stor) - B1(A2)

Landskapsområde 4: Tolomarka og Sjusete

Landskapet er eit karakteristisk kulturlandskap for regionen. Det er mange store opne areal, og det er god samanheng og heilskap i området. Unntaket er langs Øysteseelvi kor landskapet er meir lukka. Øredalsfossen er ein stor foss, med betydeleg fall, vassmengde og inntrykkstyrke. Øredalsfossen kan seiast å ha stor tyding lokalt, og til ein viss grad regionalt.

Verdi: Middels (til Stor) - B1(A2)

Landskapsområde 5: Øystese

Området er prega sterkt av tilknytninga til Hardangerfjorden, og busetnaden og aktivitet er i stor grad retta mot fjorden. Landformane rundt Øystese sentrum dannar ein ramme som vendar seg ut mot fjorden og gir ei lun vik med gode estetiske kvalitetar. Kvalitetane skil seg likevel ikkje ut frå andre landskapsområde i same landskapsregion (23 Indre bygder på vestlandet)

Verdi: Middels (B1)

13.6.2 Moglege konsekvensar

Anleggsfasen

Konsekvensane for landskapet i anleggsfasen vil vere kortvarige, og i stor grad være ulike terrengskader forårsaka av transport og maskiner som vert nytta til bygging av veg og dam, og driving av tunnel. Den største konsekvens for landskapet i denne fasen vil vere auka menneskeleg aktivitet. Området vil være sterkt prega av byggearbeider, lastebiler osv. Dette er imidlertid aktiviteter som vil forsvinne når anlegget er ferdig, og som ikkje vil etterlate seg varige spor i landskapet.

Driftsfasen

Landskapsområde 1 Svartavatn

Rundt Svartavatnet vil dei inngrepa som påverkar landskapsopplevinga i ein negativ grad vere rigg- og anleggsområde både ved Dam Svartavatnet og ved Søyagjelet, eit massedeponi under HRV, veg opp til tunnelutløpet, og ein tunnelportal med nokre små tekniske installasjonar. Eit positivt bidrag til dette området vil bli den auka vassføringa i Søyagjelet. Sjølve gjelet er lite synleg frå omkringliggande områder, og vil derfor ikkje ha så mykje å seie for landskapsopplevinga. Dei andre inngrepa ligg i/ved Svartavatnet, eit vatn som er sterkt prega av kraftproduksjon.

Lite negativt omfang

Landskapsområde 2: Skrott

Det einaste inngrepet som vil bli synleg i dette området er dammen ved utløpet av Vossadalsvatnet. Denne vil bli tilpassa med bruk av plastringsstein funne på staden. Inngrepet er lite og kan seiast å bli lite synleg frå omkringliggande områder. Området vil verke noko mindre urørt enn tidligare.

Lite negativt omfang

Landskapsområde 3: Fitjadalen

Konsesjonskraft	246 000 kr	246 000 kr	260 000 kr	0 kr
Samlet inntekt Samnanger	1 129 000 kr	1 129 000 kr	512 000 kr	0 kr

Overføring av Vossadalsvatnet vil medføre økte inntekter til kommunekassen i Kvam uansett hvilken situasjon vi ser på. En oppsummering av konsekvenser for kommunal økonomi ved de ulike mulige situasjonene i aktuelle vassdrag er vist nedenfor.

- For Kvam herad vil situasjon 1 - overføring av Vossadalsvatnet medføre *liten positiv konsekvens- ubetydelig (+/0)*
- For Kvam herad vil situasjon 2 - overføring av Vossadalsvatnet samt Øystese kraftverk med redusert utbygging medføre *middels - liten positiv konsekvens for Kvam kommune (++/+)*
- For Kvam herad vil situasjon 3 – overføring av Vossadalsvatnet med Aldal kraftverk samt Øystese kraftverk med redusert utbygging medføre *middels - liten positiv konsekvens for Kvam kommune (++/+)*
- For Kvam herad vil situasjon 4 - full utbygging av Øystese kraftverk medføre *liten – middels positiv- konsekvens (+/++)*

Også for Samnanger kommune vil overføringen av Vossadalsvatnet kunne gi økte inntekter. En oppsummering av konsekvenser for de ulike aktuelle situasjonene, er vist nedenfor:

- For Samnanger kommune vil situasjon 1 - overføring av Vossadalsvatnet medføre *middels – liten positiv konsekvens (++/+)*
- For Samnanger kommune vil situasjon 2 - overføring av Vossadalsvatnet samt Øystese kraftverk med redusert utbygging medføre *middels – liten positiv konsekvens (++/+)*
- For Samnanger kommune vil situasjon 3 – overføring av Vossadalsvatnet med Aldal kraftverk samt Øystese kraftverk med redusert utbygging medføre *middels positiv konsekvens for Kvam kommune (++)*
- For Samnanger kommune vil situasjon 4 - full utbygging av Øystese kraftverk medføre *ingen konsekvens (0)*

Ut fra de overstående beregningene vil overføringen av Vossadalsvatnet til Svartavatnet bidra positivt til kommuneøkonomien både i Kvam herad og i Samnanger kommune. Samlet konsekvensgrad for overføringen av Vossadalsvatnet er satt til liten positiv konsekvens (+) for kommuneinntekter.

13.13.3 Tjenestetilbud

Alle maskiner og alt utstyr som er nødvendig for å bygge tunnel og dam ved Vossadalsvatnet vil transporteres enten gjennom tunnel fra Samnangersiden eller med helikoptertransport. Overføringen av Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget vil derfor ikke kreve utbedring av eksisterende veier eller føre til økt transport på vegene i anleggsfasen som strekker seg over 2 år. Det vil være få tilreisende arbeidere, som trolig vil bo på rigg ved anleggstedet. Dette vil i liten grad belaste kommunal infrastruktur. I noen grad kan de ha behov for å benytte lokale og kommunale tjenester som helsetjenester, handel, spisesteder eller underholdning. Dersom det anlegges boligbrakke ved Vossadalsvatnet vil anlegget ha eget system for avløp og dermed ikke belaste det kommunale systemet.

Tunnelmasser kan være en positiv ressurs for samfunnet, men ettersom tunnelen mellom Vossadalsvatnet og Svartavatnet vil drives fra Samnangersiden og deponeres i Svartavatnet, vil dette massene være en ressurs som verken kan utnyttes av Kvam herad eller Samnanger kommune.

Total vurdering tjenestetilbud

- Anleggsfasen: ubetydelig konsekvens (0)
- Driftsfasen: ubetydelig konsekvens (0)

13.13.4 Sosiale forhold

Anleggs- og driftsfasen

Anleggsfasen vil medføre at kommunen i kortere perioder vil få tilflytting av anleggsarbeidere, som kan regnes som "midlertidige innbyggere".. Disse vil kunne benytte seg av kommunens tilbud i form av kino, spisesteder og lignende. Generelt vil økt eller redusert trivsel for fastboende og tilreisende avhenge både av hvordan kommunens innbyggere og anleggsarbeiderne forholder seg til hverandre på. Med såpass begrenset anleggsvirksomhet som overføringen av Vossadalsvatnet fører med seg, antas det ikke å føre med seg sosiale problemer av betydning.

Total vurdering sosiale forhold

- Anleggsfasen: ubetydelig konsekvens (0)
- Driftsfasen: ubetydelig konsekvens (0)

13.13.5 Helsemessige forhold

Anleggsfasen

Prosjektet innebærer ikke trafikkmessig ulemper i Kvam herad, ettersom transporten til Vossadalsvatnet enten skjer gjennom tunnelen fra Samnangersiden eller med helikoptertransport. Ved Svartavatnet i Samnanger kommune vil det foregå noe tungtransport på vegene inn til dammen i Svartavatnet. Herfra vil alle materialer og maskiner transporteres på flåter til Søyagjelet. Tungtransporten fra rv7 fram til dam Svartavatnet vil periodevis øke i anleggsperioden. Dette vil først og fremst innebære mer trafikk på smale veier, noe som kan oppfattes som en ulempe av beboerne langs Samnangervassdraget. Det vil også foregå tungtransport av tunnelmassene fra tunnelen i Søyagjelet fram til massedeponiområdet i Svartavatnet, men dette vil ikke virke inn på annen trafikk, eller medføre økt fare for trafikkulykker. Transport på flåter over dammen innebærer mer trafikk på Svartavatnet, men det er ikke kjent at dette vil komme i konflikt med annen båttrafikk på det oppdemmede vannet.

Arbeidene med anlegging av dam og tunnelboring vil kunne gi noe støv og støyulemper. Ved Vossadalsvatnet vil dette være relativt kortvarig og kun oppfattes av friluftslivutøvere som beveger seg langs Vossadalsvatnet eller Svartavatnet. De begrensede anleggsarbeidene ved Vossadalsvatnet innebærer at prosjektet vil gi liten effekt på drikkevannet i Fitjadalen. Anlegging av anleggsveg fra Svartavatnet fram til Søyagjelet vil kunne gi partikkelforuresning som kan renne ut i Svartavatnet gjennom Søyagjelet. Sprengstoffet som vil bli brukt i tunnelen, massetaket, samt selve sprengningsarbeidet vil kunne gi avrenninger, utvasking og spill av stoffer som kan renne ut i Svartavatnet. Noe av dette kan føres videre nedover i Samnangervassdraget, men mesteparten vil trolig gradvis reduseres ved utvaskingen ved naturlige terskler i vassdraget. Avbøtende tiltak er

foreslått i fagrapport "Konsekvenser for vannkvalitet og ferskvannsressurser, forurensning og støy" (Sweco 2011).

Driftsfasen

Redusert vannføring fra Vossadalsvatnet innebærer dårligere resipientkapasitet i øvre del av Vossadalselva, noen som har en negativ effekt på vannkvaliteten, men det forventes ingen stor konsekvens da det er lite utslipp på strekningen. Dette kan medføre en viss risiko for helsemessige konsekvenser. Det er en risiko for at det vil være avrenninger fra massedeponiet i Svartavatnet. Dette vil kunne medføre forurensning, sannsynligvis av lokal karakter, ettersom det kun er snakk om arealavrenning (se fagrapport "Konsekvenser for vannkvalitet og ferskvannsressurser, forurensning og støy, Sweco 2011).

- Anleggsfasen: Liten negativ (-)
- Driftsfasen: Liten negativ (-)

13.13.6 Friluftsliv, jakt og fiske og reiseliv

Områdeskildring og verdivurdering

Dei lokale utbyggingsområda ved Svartavatnet, Vossadalsvatnet, Vossadalen, Fitjadalen og Fitjadalsvatnet er i arealdelen i kommuneplanen definert som Landbruk-, natur- og friluftslivsområder (LNF) med og utan fråsegn om spreidd fritidsbusetnad. Ein finn fritidsbusetnad i Fitjadalen (jf. Kommuneplan for Kvam herad, innsynsløsning på web 2011).

Tiltaks- og influensområdet er stort sett avsett som LNF-område i arealdelen til Kvam herad sin kommuneplan. Området frå Vossadalshola og fjellområda omkring Vossadalsvatnet er på den gjeldande kommuneplan merka LNF- N der naturvern er dominerande. I retningslinjene til arealdelen står det følgjande:

LNF-N – område har høg verdi anten som verna naturområde, inneheld spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller ein kombinasjon av desse. Vasskraftutbygging, veganlegg, kraftliner, hytter og andre tekniske installasjonar bør ikkje koma i desse områda. Ved vurdering av planar eller tiltak bør det difor leggast ekstra vekt på å ivareta desse interessene.

Tiltak i Søyegjelet og dam Svartavatnet ligger i LNF- område utan særlege føresegner.

Vossadalsvatnet ligg sentralt innanfor eit større område som i dag er inngrepsfri natur. Deler av vatnet er 3-5 km frå nærmaste inngrep. Øvre del av Fitjadalen er og inngrepsfri natur, 1-3 km frå inngrep. Det planlagde tiltaket vil medføre at Vossadalsvatnet og ei sone på 1 km kring vannet og elvestrengen i Vossadalen, vert definert som inngrepsnært.

Ved verdsetting av friluftsområda som vert råka, baserer vi oss på Hordaland fylkeskommune sin vurdering, eigen datainnsamling for influensområdet og metodikk i DN-handbok 25-2004. Same metodikk er nytta for å vurdere reiseliv.

Tabell 29: Oppsummering av verdier for friluftsliv, jakt og fiske

Område	Verdi
<p>Fitjadalen mellom utlaupet av Vossadalsvatnet og Ørredalsfossen</p> <p>Er omtalt som eit svært viktig utfartsområde av fylket. Jakt og fiske, sogesti, handicapfiskeplass, gangsti til foss, stiar til stølsmiljø, opne hytter og tilrettelagte grillplassar, regionalt område for toppturar på ski. Fritidsbusetnad. Inngrepsnære og inngrepsfrie (1-3 km) naturområde. Dette området er mykje nytta.</p>	Stor verdi
<p>Vossadalsvatnet og Fugladalen</p> <p>Del av store turområde utan tilrettelegging. Omtalt som viktig av fylket. Merka tursti, open hytte. Jakt og fiske. Inngrepsfrie naturområde (1-3 og 3-5 km frå inngrep). Området er ein del nytta.</p>	Stor verdi
<p>Svartavatnet</p> <p>Del av store turområde utan tilrettelegging. Eksisterande vassmagasin gjer området til eit inngrepsnært naturområde. Området er ein del nytta.</p>	Middels verdi

Tabell 30: Oppsummering av verdier for reiseliv

Influensområde	Verdi
<p>Influensområdets verdi for reiselivet i kommunen</p> <p>Ørredalsfossen, Sogstien i Fitjadalen og Turistforeningen sin merka fottur gjennom Fitjadalen og Vossadalen er attraksjoner med lokal verdi.</p>	Middels-liten verdi
<p>Influensområdets verdi for regionen som helhet</p> <p>Ørredalsfossen, Sogstien i Fitjadalen og Turistforeningen sin merka fottur gjennom Fitjadalen og Vossadalen er attraksjoner med verdi utover det lokale.</p>	Middels

Alternative friluftslivsområde er og vurdert. Fitjadalen er eit naturleg og nærliggande friluftsområde for befolkninga i Øystese og Norheimsund. I tillegg finns andre friluftsområde i Kvam, men å nytte desse vil krevje ein noko lengre reiseveg for denne befolkninga. Dersom dette vert vurdert som akseptabelt av brukarane, er friluftslivsmogelegheitene i Kvam store.

Moglege konsekvensar

Anleggsfasen

Anleggsarbeidet er vurdert å ta om lag 2 år. Arbeidet vil i hovudsak gå føre seg i sommarsesongen.

Mesteparten av anleggsarbeidet vil skje frå Svartavatnsida av tiltaksområdet. Det vert etablert eit riggområde for tunneldriving og massetransport. Utstyret vert frakta med flåte over Svartavatnet. Det vert lagt til rette for ilandføring både ved dammen i Svartavatnet og ved ilandføringstaden ved Søyegjelet. I anleggsfasen vil det verte stadige forstyrningar i planområdet i form av støy frå anleggsaktivitet og transport, og enkelte stadar vil anleggsverksemda verte godt synleg. Det gjeld særleg anleggsarbeida fram til og ved det planlagde tunnelpåhogg i Søyegjelet ved Svartavatnet. Eit anleggsområde som vert etablert i same område, vil kunne verte synleg frå den umerka turstien som går på søraustsida av Svartavatnet langs Storaskori. Det er og planlagt eit anleggsområde ved dammen i Vossadalsvatnet som kan verte synlig frå den merka turstien forbi Vossadalsvatnet. Kvaliteten for friluftsliv vil verte noko forringa i denne perioden i begge områda. Såra i vegetasjonsdekket etter anleggsarbeidet vil vere synleg i området også ei tid etter at bygginga er

avslutta. Jaktutøvinga i området vil sannsynlegvis bli noko påverka i den perioden anleggsarbeidet går føre seg. Hjort og rein kan verte urolege pga. støy og ferdsel med køyretøy og vil kunne sky området midlertidig. Betre tilrettelegging for å legge til med båt ved dammen i Svartavatnet og ved Søyegjelet kan betre tilgjenge til områda kring Svartavatnet i anleggsperioden.

Driftsfasen

Tabell 31: Konsekvensframstilling friluftsliv, jakt og fiske

Inngrep	Friluftsliv, jakt og fiske	Tiltakets omfang	Konsekvensgrad
Inntak	Vossadalsvatnet ligg i eit friluftslivområde med stor verdi. Dykka inntak medfører ubetydeleg effekt på friluftslivinteresser.	Stort - Lite/ ikkje noko Stort + ----- -----▲----- -----	0/-
Dam	Vossadalsvatnet ligg i eit friluftslivområde med stor verdi. Ein 4 m høg og 40 m lang dam vil medføre at opplevelsesverdien av eit uberørt område vert redusert.	Stort - Lite/ ikkje noko Stort + ----- ---▲----- -----	-/--
Vannveg	Svartavatnet ligg i eit friluftsområde med middels verdi. Tunnelpåkogg i Søyegjelet vil først og fremst verke inn på opplevelsesverdien lokalt for friluftslivsinteressene.	Stort - Lite/ ikkje noko Stort + ----- -----▲ ----- -----	0/-
Veger	Svartavatnet ligg i eit friluftsområde med middels verdi. Vegen frå Svartavatnet til Søyegjelet vil først og fremst redusere opplevelsesverdien lokalt, men kan og delvis verte synleg frå turstien langs Storaskori.	Stort - Lite/ ikkje noko Stort + ----- -----▲ ----- -----	0/-
Massedeponi	Svartavatnet ligg i eit friluftsområde med middels verdi. Massedeponiet vil vere synleg når vasstanden ligg under HRV. Dette vil kunne endre opplevelsesverdien for friluftslivutøvarar i området. Deponiet vil vere synleg fra turstien langs Storaskori. Effekten vert redusert av at området ber preg av å vere regulert.	Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	-
Endret vannføring frå utløp av Vossadalsvassdraget til utløpet til Ørredalsfossen	Endra vassføring vil kunne verke inn på friluftslivsutøvarane si opplevelsesverdi, særleg for turgåarar. Effekten vil vere størst i den øvste delen av vassdraget, der vassføringa stort sett vil bestå av minstevassføring.	Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	--/-
Endringer i vannstand i Svartavatnet	Overføringa av Vossadalsvatnet vil ikkje gje effekt på friluftsliv	Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	-
Samlet vurdering av overføring av Vossadalsvatnet*		Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	-

Tabell 32: Konsekvensframstilling reiseliv

Inngrep	Reiseliv	Tiltakets omfang	Konsekvensgrad
Endra vassføring frå Vossadalsvatnet	Ørredalsfossen, Sogstien i Fitjadalen og Tursitforeningens merka fottur gjennom Fitjadalen og Vossadalen er attraksjonar med verdi utover det lokale. Av desse er det Turistforeningen si merka løype som vert visuelt berørt av endra vassføring.	Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	-
Dam	Turistforeningen si merka løype vert visuelt berørt av dammen.	Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	-
Samlet vurdering av overføring av Vossadalsvatnet		Stort - Lite/ intet Stort + ----- -----▲----- -----	-/0

Som det kjem fram i tabellen ovanfor vil overføringa av Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget gje små verknader for friluftsliv, jakt og fiske samt reiseliv. Verknaden er hovudsakleg knytt til endra vassføring i elva som har utløp i Vossadalsvatnet og renn ut fjorden i Øystese. Redusert vassføring vil kunne verke negativt inn på opplevingsverdien på dei strekningane av vassdraget der vassføringen vert sterkt redusert. Dette gjeld særleg den øvste delen av vassdraget, gjennom Vossadalsgjelet. Denne delen av vassdraget er synleg for turgåarar langs den merka turløypa gjennom Vossadalen forbi Vossadalsvatnet. På dette partiet vil vassføringa stort sett bestå av minstevassføring som er sett til 115 l/s om sommaren og 40 l/s om vinteren. Lengre nedstrøms i vassdraget vil restvassføring føre til at opplevingsverdien i liten grad vert påverka.

Avbøtande tiltak og oppfølgjande undersøkingar

Det har ikkje kome fram moment som gjer det naudsynt med oppfølgjande undersøkingar for friluftsliv, jakt og fiske samt reiseliv.

Dei fysiske tiltaka som er planlagde i samband med overføringa av Vossadalsvatnet er få og rimeleg godt tilpassa friluftsliv, jakt og fiske samt reiseliv. Den største negative effekten er knytt til endring av vassføring i elva mellom Vossadalsvatnet og Ørredalsfossen. Minstevassføring på 115 l/s om sommaren sikrar ei viss vassføring i elva og fungerer dermed som eit avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak spesielt retta mot friluftsliv, jakt og fiske samt reiseliv utover dette er ikkje vurdert som naudsynt. Det vert for øvrig vist til fagrapport landskap for tiltak som og vil kunne ha ein positiv effekt på friluftsliv, jakt og fiske samt reiseliv.

14 SAMLA VURDERING AV MOGLEGE AVBØTANDE TILTAK

Slik dei tekniske planane ligg føre vert prosjektet vurdert som skånsamt. Avbøtande tiltak som minstevassføring har vore justert undervegs i konsekvensutgreiingsfasen og ligg fast som premiss for konsesjonssøknaden.

Under er moglege avbøtande tiltak lista opp, samt avbøtande tiltak som vert føreslått av tiltakshavar. Tiltaka er ei blanding av tiltak i anleggsfasen og i driftsfasen. Det er ynskjeleg med innspel til dei føreslåtte avbøtande tiltaka i høyringa av konsesjonssøknaden.

14.1 Aktuelle avbøtande tiltak føreslått av konsulent

- Av avbøtande tiltak vert det foreslått reinseanlegg for drengs-, spyle- og borevatn frå tunnelane i form av slamavskiljar/sandfang og oljeutskiljar.
- For å redusere eventuelle ulemper frå støy og støv, kan det vurderast å legge anleggsarbeidet utanom helger og høgsesong for turistar.
- Det bør utarbeidast eit miljøoppfølgingsprogram for bygge- og anleggsfasen som sikrar ei god forankring av miljøkrava opp mot entreprenør og med konkrete tiltak for å redusere eventuelle miljøpåverknader.
- Helikoptertransport bør unngås i yngleperioden for andefugl inn til dam Svartavatnet.
- Viltområdet ved Søyevatnet er meget lett påverkeleg for støy og forstyrrelser, og ved å holde anleggstrafikken til eit minimum, kan den negative påverkingen på smålom i hekkeperioden reduseres kraftig.
- Dersom driftsvedlikehold skjer med helikopter bør ein unngå overflyging i den austre enden av Svartavatnet i smålomens hekketid. De viktige yngle- og rasteområdene ved Sotabottsvatna, vest for Svartavatnet, bør generelt unngås med helikopteroverflyging på våren. Dersom ikkje avbøtande tiltak gjennomføres, vil den negative konsekvensen øke til *lite til middels negativ* for fugl og pattedyr ved Svartavatnet og Søygjelet.
- For å unngå samanblanding av sau frå ulike beitelag bør det byggjast eit gjerde i den øvre del av elva som får sterkt redusert vassføring. Om det byggjast eit gjerde som gir tilsvarande eller betre gjerdeeffekt som elva hadde før overføringa, vurderast konsekvensen av tiltaket for utmarksbeite for sau å bli ubetydeleg.
- Av omsyn til tamrein i området bør ein søke å unngå anleggsarbeid i kalvingstida om våren. Særleg bør ein unngå helikoptertrafikk i området i denne perioden.
- Ein oppfølgjande biologisk undersøking av fisk og ferskvassbiologi bør gjennomføres i Vossadalsvatnet og nedre del av Vossadalselva, to år etter at anlegget er ferdigstilt. Dette bør

utføres i form av elektrofiske ved dammen i utløpet av Vossadalsvatnet, samt ved noen utvalgte stasjoner i området nedstrøms Botnane til utløpet i Fitjadalsvatnet.

14.2 Avbøtende tiltak foreslått av tiltakshavar

- Minstevassføring frå Vossadalsvatnet heile året tilsvarande 5-percentil sommar/vinter.
- Dykka inntak i Vossadalsvatnet slik at dette ikkje vert synleg
- Tilpassing av dam i tråd med omgjevnadane
- Vegen i Søyegjelet kan såast til slik at denne vert mindre synleg i landskapet
- Det vil verte gjort tilpassingar i anleggsarbeidet for å unngå verksemd som har negativ påverking på tamrein i kalvingstida.
- Det bør utarbeidast eit miljøoppfølgingsprogram for bygge- og anleggsfasen som sikrar ei god forankring av miljøkrava opp mot entreprenør og med konkrete tiltak for å redusere eventuelle miljøpåverknader.
- Dersom driftsvedlikehald skjer med helikopter bør ein unngå overflyging i den austre enden av Svartavatnet i smålomens hekketid. Dei viktige yngle- og rasteområda ved Sotabottsvatna, vest for Svartavatnet, bør generelt verte unngått med helikopteroverflyging på våren

15 SAMANSTILLING AV KONSEKVEN SAR – KONKLUSJONAR

Tabellen under sumerar opp konsekvensutgreiingane for dei ulike fagområda. For enkelte fagtema er det vurdert ein middel av fleire undertema. For detaljert framstilling og spesifikk konsekvensgrad for alle fagtema vert det vist til fagrapportane vedlagt søknaden.

Når utbygginga vert gjennomført med føreslåtte avbøtande tiltak syner konsekvensutgreiinga i hovudsak liten negativ konsekvens. Ingen utgreiingstema har fått kategorien stor negativ konsekvens.

Tabell 33: Oppsummering av konsekvensutgreiingane

Utgreiingstema		Overføring av Vossadalsvatnet
Hydrologi, lokalklimatiske forhold og grunnvatn		Ubetydeleg (0)
Erosjon og sedimenttransport		Ubetydeleg til liten negativ (0/-)
Landskap		Middels til liten negativ (-/-)
Inngrepsfrie områder		Liten/middels negativ (-/-)
Fisk- og ferskvassbiologi		Liten negativ (-)
Naturmiljø	Anleggsfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)
Marine forhold		Ubetydeleg (0)
Samfunn	Anleggsfase	Ubetydeleg (0)
	Driftsfase	Liten positiv (+)
Friluftsliv, jakt, fiske	Anleggsfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)
Reiseliv		Liten negativ (-)
Kulturminne og kulturmiljø		Ubetydeleg til liten negativ (0/-)
Jord- og skogbruk	Anleggsfase	Ubetydeleg (0) *
	Driftsfase	Middels negativ (--)**
Vasskvalitet og vassforsyning	Anleggsfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)
Forureining	Anleggsfase	Liten negativ (-)
	Driftsfase	Liten negativ (-)

*) Ubetydelig så lenge det ikkje pågår arbeid i kalvingstida for rein.

***) Viss det vert bygt gjerde i øvre del av Vossadalselva blir konsekvensen ubetydelig.

15.1 Sumverknader

I utreiingsprogrammet fastsett av NVE 11.05.2011 er samla belastning omtalt slik:

"Det skal gis en oversikt over eksisterende og planlagte inngrep innenfor et geografisk avgrenset område som går utover influensområdet. Det skal gjøres en vurdering av samlet belastning (tidligere kalt sumvirkninger) for tema der dette anses som konfliktfylt. Sentrale tema kan for eksempel være landskap, friluftsliv, naturmangfold og/eller reindrift.

Presisering av naturmangfold

Vurdering av samlet belastning for naturmangfold kan konsentreres om de tiltak og inngrep som antas å kunne medføre negative virkninger for en eller flere truede prioriterte arter og/eller verdifulle truede eller utvalgte naturtyper som er identifisert gjennom utredningene om "Naturmiljø og naturens mangfold". For disse artene /naturtypene skal det primært vurderes om de aktuelle tiltakene og inngrepen kan påvirke de fastsatte forvaltningsmålene. Det skal også vurderes om tilstanden og bestandsutviklingen til disse artene/naturtypene kan bli vesentlig berørt.


Vurderingene skal bygge på kjent og tilgjengelig informasjon om andre planer og utredede virkninger for naturmangfold. Artene og naturtypene som det siktes til fremgå av DN-håndbok 13, Norsk rødliste for naturtyper 2011, utvalgte naturtyper utpekt jf. NmIf § 52, økossytemer som er viktige økologiske funksjonsområder for truede arter i Norsk rødliste 2010 og prioriterte arter utpekt jf. NmIf § 23."

15.1.1 Relevante planar

Utgangspunktet for vurderinga er at det ligg føre fleire planar som verkar inn på Øystesevassdraget. Vi har teke utgangspunkt i planar som anten er vedtekne (Statnett sin nye 420 kV leiing Sima-Samnanger) eller som det er meldt oppstart på (Øystese Kraft sine planar om utbygging ved Ørredalsfossen). Vidare er det også tatt med to vasskraftprosjekt som blir meldt i næraste framtid, overføring av Vaksdalsvassdraget og overføring av Kvitabekktjørn. Overføring av Vossadalsvatnet er vurdert saman med desse, med omsyn til om desse planane saman kan vere konfliktfylte for gitte tema.

15.1.2 Ny 420 kV-leiing Sima - Samnanger

Statnett sin vedtekne plan vil krysse vassdraget like sør for Fitjadalsvatnet. Planane er utgreia. Det vert vist til www.statnett.no for detaljar om planane om prosjektet.



**Figur 47: Vedtatt plan for ny 420 kV leiing. Leiing kryssar like sør om Fitjadalsvatnet.
Kart: Statnett**

15.1.3 Øystese Kraft sine planar om utbygging av elvekraftverk i Øystesevassdraget


Øystese Kraft planlegg ei utbygging med inntak i Fitjadalsvatnet og utløp i Øystese. Utbygginga vil gje ein årsproduksjon på 63 GWh (jf melding, www.nve.no) Dersom BKK overfører nedbørsfeltet til Vossadalsvatnet vil produksjonen til Øystese kraft verte redusert med omtrent 20 GWh. Alternativ A er prioritert alternativ for Øystese kraftverk, sjå figur 50 for detaljert skisse for planane til Øystese kraft.

15.1.4 Overføring frå Vaksdalsvassdraget

BKK ønsker å overføre vann fra Vaksdalsvassdraget og nytte det til regulert kraftproduksjon i BKK sine eksisterende kraftverk i Samnangervassdraget.

Tilleggsoverføringen gjelder syv delfelter som samlet utgjør 14,0 km² øverst i Vaksdalsvassdraget grensende til Samnangervassdraget. Tilsiget til feltene vil bli overført til Svartavatnet gjennom en ny tunnel til det eksisterende Herfangen bekkeinntak i Herfangsgjelet, og den eksisterende driftstunnelen til Kvittingen kraftverk.

BKK vurderer to alternative utbyggingsløsninger for overføring fra Vaksdalsvassdraget til Samnangervassdraget, der det kun er tilkomst til tunnelpåhugg og massedeponi som adskiller de to alternativer fra hver andre.



15.1.5 Overføring av Kvitabekktjørn

BKK utarbeider planer for å overføre Kvitabekktjørn og Skukkatjørn til kraftproduksjon i Samnangervassdraget. Overføring av Kvitabekktjørn og Skukkatjørn gjøres ved hjelp av en tunnel som drives fra et påhugg ovenfor et lite vann kote 874, like sør for Rundehaugen. Derfra vil vannet renne i en bekk ned til Svartavatnet. Overføringa vil marginalt redusere tilsiget til Steinsdalselvi som har utløp i Nordheimsund.

Ved utløpet av Kvitabekktjørn må det bygges en liten sperredam. Verken Kvitabekktjørn eller Skukkatjørn skal reguleres. Det må også lages et lite inntak begge steder.

Overføringstunnelen ved vann kote 874 får et påhugg ved kote 900 og blir ca 1500 m lang opp til Kvitabekktjørn. Kvitabekktjørn ligger på kote 921. Det er her forutsatt at tunnelen drives med nisjelasting med tverrsnitt på ca 20 m². Det borres en sjakt fra Skukkatjørn på kote 990 ned til overføringstunnelen fra Kvitabekktjørn. Denne sjakten blir ca 100 m lang. Ved påhugget til tunnelen må det anlegges en tipp på ca 50 000 m².

Adkomst til anlegget er tenkt med flåte over Svartavatn til en bukt ved sydsiden av vannet. Herfra må det bygges en vei fra Svartavatn (kote 626) opp til tverrslaget på kote 900. Denne veien blir ca 2,5 km.

Overføring av Kvitabekktjørn og Skukkatjørn til Svartevatn gir en mulighet for produksjonsøkning i kraftverkene i Samnanger på 12,9 GWh. Legger en til grunn det konsesjonssøkte Aldalen kraftverk, øker produksjonen til 17,1 GWh.



Figur 49 Overføring av Kvitabekktjørn til Svartavatnet i Samnangervassdraget

15.1.6 Metode

For å svare på det NVE ønsker vurdert, vart fagutgreiarane for tema landskap, naturmangfald, fisk og ferskvassbiologi, samfunn samt kulturminne og kulturmiljø i eit møte samde om kva fag som var naudsynt å vurdere i samband med samla belastning. På møtet og i samråd med BKK vart naturmiljø og naturens mangfald inkludert fisk og ferskvassbiologi, landskap og marine forhold vurdert å vere fagtema der samla belastning kunne sjåast som mogleg konfliktfylt.

Grunnlagsmaterialet er eksisterande kunnskap innhenta i samband med konsekvensutgreiingane for overføringa av Vossadalsvatnet. Konsekvensutgreiingane for Øystese kraftverk vil komplettere dette grunnlagsmaterialet.


15.1.7 Naturmiljø

Dersom planane for Øystese kraftverk vert gjennomført, vil det medføre ytterlegare redusert vassføring nedstrøms Fitjadalsvatnet. Dette vil påverke fossesprøytsone i Ørredalsfossen. Det er og mogleg at tilhøyrande fosseeng vert påverka. Det er vanskeleg å anslå graden av verknader utan hydrologiske data for dei faktiske forholda. Redusert vassføring vil og kunne påverke fossekallen og moglegheita han har for å søke næring i Øysteseelvi.

Planlagt 420 kV kraftleidning Sima – Samnanger vil krysse nedstrøms utløpet av Fitjadalsvatnet. Her går det eit hjortetrekk over elva som kan bli mellombels påverka av støy og påkjenningar i anleggsfasen. Hjorten vil mest truleg ta opp att eventuell aktivitet i området etter anleggsperioden.

Overføring frå Vaksdalsvassdraget og Kvitabekktjørn vil påverke vassdraga der vatn vert fråført. Overføringane sin største innverknad vil vere redusert vassføring rett nedstraums inntaka, før eit betydeleg restfelt vil bidra til auka vassføring. Kvitabekk- og Vaksdalsoverføringa er ikkje konsekvensutgreidd, men det er på det noverande tidspunkt ikkje kjende negative effektar for naturmiljøet i Svartavatnet å overføre meir vatn til eit eksisterande reguleringsmagasin.

Samla er tiltaka ikkje vurdert å påverke dei fastsette forvaltningsmåla. Dei vil i liten grad verke inn på trua prioriterte arter og/eller trua verdifulle eller prioriterte naturtypar.



Figur 50: Øystese kraft AS sine planer for kraftutbygging i nedre del av Øystesevassdraget.
Kjelde: Øystese kraft AS

15.1.8 Fisk og ferskvassbiologi

Øystesevassdraget er i dag uregulert, noko som i seg sjølv er har ein stor verdi i biologisk samanheng for fisk og ferskvassbiologi.

Den mest direkte konsekvensen av overføringa Vossadalsvatnet – Svartavatnet, vil vere sterkt redusert vassføring like nedstrøms utløpet av Vossadalsvatnet. Minstevassføring vil medføre at den øvste delen av vassdraget ikkje vert tørrlagt. Det vil ha mest negativ effekt på mikroorganismar i elva, då området sin verdi for fisk på denne strekninga truleg er avgrensa. Vidare nedstrøms mottek elva tilførsel frå eit betydeleg restfelt, og ved innløpet til Fitjadalsvatnet vil vassføringa ha ei restvassføring som i gjennomsnitt vil vere ca. 63% av den opphavlege. Dei nedre delane av Vossadalselva vert truleg nytta som gyteområde for aurebestanden i Fitjadalsvatnet. Her vert det difor ikkje betydelege effektar for fisk og ferskvassbiologi av tiltaket.

Den reduserte vassføringa vil medføre dårlegare omskiifting i Fitjadalsvatnet. Dette kan medføre økt næringsinnhald, men sidan Fitjadalsvatnet i utgangspunktet i dag er regna for å vere relativt næringsfattig, vil dette truleg ikkje ha noko negativ effekt på fisk og ferskvassbiologi. Desse forholda kan gje moglegheit for forbetring av biologisk produksjon.

Dersom planane for Øystese kraftverk vert gjennomført, vil det medføre at vassføringa nedstrøms Fitjadalsvatnet vert ytterlegare redusert. Mellom inntaket og utløpet for Øystese kraftverk vil utbygginga føra til at dei største flomvassføringane vert reduserte. Dette vil ikkje ha nokon konsekvens for fisk og ferskvassbiologi på strekninga mellom inntak og utløp. På lakseførande strekning i Øysteseelva vert vassføringa redusert til tilsvarande som omfanget av de øvre overføringane, som er berekna til 70% ved inntaket til kraftverket. Det fører til ingen sumverknad då kraftverket slepp driftsvatnet sitt tilbake på anadrom strekning. Øystese kraftverk er vurdert å ha små negative verknader for fisk og ferskvassøkologi, og med små verdiar oppom anadrom strekning, vert det ubetydelege konsekvensar. På anadrom strekning vil det verte små verknader og liten negativ konsekvens. Ved tiltak som å installere ein forbisleppingsventil i kraftstasjonen vert dette i hovudsak avbøtt.

Planlagt 420 kV kraftledning Sima – Samnanger vil krysse nedstrøms utløpet av Fitjadalsvatnet, det er ikkje venta at bygging av linja vil ha negativ innverknad for fisk eller ferskvassbiologi i vassdraget.

Overføring frå Vaksdalsvassdraget og Kvitabekktjørn vil påverke vassdraga der vatn vert fråført. Overføringane sin største innverknad vil vere redusert vassføring rett nedstrøms inntaka, før eit betydeleg restfelt vil bidra til auka vassføring. Kvitabekk- og Vaksdalsoverføringa er ikkje konsekvensutgreidd, men det er på det noverande tidspunkt ikkje kjende negative effektar for fisk og ferskvassbiologi i Svartavatnet ved å overføre meir vatn til eit eksisterande reguleringsmagasin.

Samla er tiltaka ikkje vurdert å påverke dei fastsette forvaltningsmåla eller verke inn på trua prioriterte arter og/eller trua verdifulle eller prioriterte naturtypar.

15.1.9 Landskap

Regionen byr på eit variert landskap, frå store opne kyst/fjordlandskap og fjellvidder til mindre dalar og søkk.

Vassdraga kring Øystese er i relativt stor grad allereie utnytta til kraftproduksjon, med enkelte større magasin med regulering og blottlagt reguleringszone. Sjølve strekninga frå Vossadalsvatnet til Fitjadalen er per i dag ikkje lagt under utbyggingspress. Det er ingen hyttefelt i området, berre enkeltstående hytter. Det er ikkje kjend at større inngrep er planlagt. Området lengre nede er allereie sterkt prega av menneskelege inngrep. 420 kV Sima – Samnanger leidninga vil auke dette preget. Linja vil i overgangen mellom Fitjadalen og Øystese sette eit relativt sterkt preg på landskapet. Overføringa frå Vossadalsvatnet vil bidra til at dette området og vert noko prega av kraftutbygging, slik dei omkringliggende områda til ein viss grad er. Samstundes ligg dei fleste kringliggende områda i nærleiken av tyngre tekniske inngrep. Dette er definert av kartlegginga av INON for området. Regionen vert generelt opplevd som eit område prega av moderne inngrep. Mange dalbotnar og fjordlandskap er busett og dei høgareliggende område vert nytta til friluftsliv og beiteverksemd.

Ei eventuell utbygging av Øystese kraftverk vil forsterke opplevinga av stord natur, men utbygginga ligg samtidig i et landskap som er sterkt prega av menneskeleg aktivitet. Ørredalsfossen vil miste ein del av sin landskapsstyrke som følgje av ei slik utbygging. Vurdering av samla belastning for landskap er vurdert ut frå kjend informasjon. Når konsekvensutgreinga av Øystese kraftverk føreligg vil dette komplette grunnlaget for å vurdere samla belastning.

Overføring frå Vaksdalsvassdraget og Kvitabekktjørn vil ytterligare påverke landskapsrommet i retning av utbygd og påverka landskap. Overføringane sin største innverknad vil vere redusert vassføring rett nedstraums inntaka, bekkeinntaka i seg sjølve og tilhøyrande anleggsveg. Dei fysiske inngrepa er i mange tilfeller små, vert mindre synleg og landskapstilpassa. Totalen av overføringar vil strekke seg i eit landskapsrom frå Herfindalen i Vaksdal til Kvitabekktjørn/ Vossadalsvatnet i Kvam.

15.1.10 Friluftsliv

Vossadalsvatnet ligg sentralt innanfor eit større område som i dag er inngrepsfri natur. Deler av vatnet er 3-5 km frå nærmaste inngrep. Øvre del av Fitjadalen er og inngrepsfri natur, 1-3 km frå inngrep. Det planlagde tiltaket vil medføre at Vossadalsvatnet og ei sone på 1 km kring vannet og elvestrengen i Vossadalen, vert definert som inngrepsnært.

Område frå Vossadalsvatnet til Ørredalsfossen er omtalt som eit svært viktig utfartsområde av fylket. Jakt og fiske, sogesti, handicapfiskeplass, gangsti til foss, stiar til stølsmiljø, opne hytter og tilrettelegte grillplassar, regionalt område for toppturar på ski er aktivitetar som kan føregå her. Fjellpartia ved Svartavatnet/Fuglafjell/Vossadalsvatn/Vending har oppmerka turstiar.

Linja Sima - Samnanger vil råke delar av dette landskapsområde og bli eit synleg element i dalen. Likeeins vil Øystese Kraft sine planar påverke opplevinga av Ørredalsfossen og elveosen ut av Fitjadalsvatnet.

Overføring av Vossadalsvatn vil redusere vassføringa i øvre delar i området frå Vossadalsvatn nedover mot Botnane.

Overføringa frå Kvitabekktjørn og Vaksdalsvassdraget vil i større grad vere i relasjon til det allereie utbygde Samnangervassdraget og Svartavatn reguleringsmagasin.

Sumverknadane av dei planane som ligg føre gjer at landskapet i større grad verkar urørt. Kva konsekvensar summen av alle planane har for utøvinga av friluftsliv er vanskeleg å fastsette. For personar som søker friluftaktivitetar i omgjevnader som må framstå som inngrepsfrie kan attraktiviteten til det omtalte område verte noko redusert. Likevel er utøving av friluftsliv ei subjektiv syssel som i stor grad er avhengig av kva friluftsutøvarer finn som akseptable friluftsområder. Dagens bruk av Stølsheimen og Aurlandsdalen til friluftsliv er eksempel på at kraftutbygging og bruk av naturen til rekreasjonsføremål kan sameksistere.

16 BKK PRODUKSJON AS SI TILRÅDNING OM VAL AV ALTERNATIV

Overføringa vert presentert som eitt alternativ.

17 FORSLAG TIL ETTERUNDERSØKINGAR, OPPFØLGJANDE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING

17.1 Oppfølgjande undersøkingar

- Problem med blanding av sau frå ulike beitelag som følgje av redusert gjerdeeffekt av Vossadalselva bør følgjast opp
- Det bør utarbeidas eit miljøoppfølgingsprogram for bygge- og anleggsfasen som sikrar ei god forankring av miljøkrava opp mot entreprenør og med konkrete tiltak for å redusere eventuelle miljøpåverknader.
- Undersøkingssplikta etter Lov om kulturminne, såkalla § 9-undersøkingar, skal avklarast med Hordaland fylkeskommune. Gjennom arbeidet med denne konsekvensutgreiing er det ikkje

påvist kulturminne som vert berørt av tiltaket. Verken gjennomgang av databasar eller synfaring i områda har endra denne statusen. Potensialet for å avdekke ikkje-kjente automatisk freda kulturminne vert og vurdert som rimeleg lågt. Undersøkingssplikta bør difor kunne oppfyllest etter at konsesjon er gjeven

- Ei oppfølgjande biologisk undersøking av fisk og ferskvassbiologi bør gjennomførast i Vossadalsvatnet og nedre del av Vossadalselva, to år etter at anlegget er ferdigstilt. Dette bør utførast i form av elektrofiske ved dammen i utløpet av Vossadalsvatnet, samt ved nokre utvalde stasjonar i området nedstrøms Botnane til utløpet i Fitjadalsvatnet.

18 BKK PRODUKSJON SINE KOMMENTARAR TIL KU

Konsekvensutgreiingsarbeidet etter plan- og bygningslova sine påbod har etter BKK Produksjon si vurdering vore omfattande og grundig. Det er gjennomført fleire møter med konsekvensutgreiarane undervegs. Dialogen med utgreiarane har ført til fleire planendingar slik at dei negative konsekvensane av utbygginga er redusert. Her kan ein spesielt dra fram forslag til minstevassføring vinterstid for å avbøte negative effektar på elvemosevegetasjon. Landskapstilpassing av veg i Søyegjelet og dam Vossadalsvatnet også døme på planmessig dialog mellom utbyggjar og utgreiar i konsekvensutgreiingsfasen.

REFERANSAR

www.dirnat.no
www.ngu.no
www.bkk.no
www.nve.no/vannkraft
www.norgei3d.no
<http://senorge.no>
www.skrednett.no
<http://eklima.met.no>
www.statnett.no

Hordaland Fylkeskommune. Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021.

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/naringsutvikling/Energinaringar/Energi/Fylkesdelplan-for-sma-vasskraftverk/>

BKK Produksjon AS (2010) *Overføring av Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget, melding med framlegg til utgreiingsprogram, mars 2010.* 24 s.

Fylkesmannen i Hordaland (2004). Samla plan for vassdrag – Vassdragsrapport (utdrag). Hordaland fylke – Samnanger, Kvam, Voss og Vaksdal kommuner. 37 s.

Johnsen, G. H. (2006). *Miljøkonsekvenser ved utnyttelse av Øystesevassdraget til kraftformål.* Rapport 823-2006, Rådgivende Biologer AS, Bergen. 23 s.

Norges vassdrag- og energidirektorat (2011) *Fastsett utgreiingsprogram for overføring av Vossadalsvatnet*, brev datert 11.05.2011.

Multiconsult. 2010. *Øystese Kraft AS. Forhåndsmelding for Øystese kraftverk, Kvam herad.* Multiconsult. Juli 2010.

VEDLEGG

VEDLEGG 1: Oversiktskart med nedbørsfelt

VEDLEGG 2 a: Situasjonsplan og arealdisponeringsplan dam Svartavatnet

VEDLEGG 2 b: Situasjonsplan og arealdisponeringsplan Søyegjelet

VEDLEGG 2 c: Situasjonsplan og arealdisponeringsplan Vossadalsvatnet

VEDLEGG 3 a: Lengdesnitt tunnel

VEDLEGG 3 b: Dam Vossadalsvatnet, Lengdesnitt og tverrprofil.

VEDLEGG 4: Oversikt over grunneigarar

VEDLEGG 5: Foto frå utbyggingsområdet

VEDLEGG 6: Fotomontasjar

VEDLEGG 7: Inngrepsfrie områder før og etter tiltak

VEDLEGG 8: Liste over fagrapportar